



Innkalling Formannskapet

Møtedato: 08.10.2014
Møtested: Kommunehuset - Børilden
Møtetid: 10:00

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

Saksliste

Saksnr	Tittel
208/14	Godkjenning av innkalling og saksliste
209/14	Godkjenning av møteprotokoll
210/14	Godkjenning av møteprotokoll sak 207/14 - ikkje offentleg
211/14	Meldingar
212/14	Delegerte saker
213/14	Orienteringssak
214/14	Godkjenning av Detaljregulering for Torvhaugane bustadfelt- Leikvoll- Gbnr 140/1 med Arealplanid 2007006
215/14	Uttale til utslepp av poly- og perfluorerte fobindelsar i Fensfjorden
216/14	Grønt arbeid - evaluering av prosjektet og oppretting av stilling
217/14	Sak 14/546 Rombehov ved kommunehuset - vidareføring av arbeidet
218/14	Selskapsavtale Region Nordhordland Helsehus IKS
219/14	Tertialrapport 2, 2014

Dato, 01.10.2014

Per Lerøy
ordfører

Jan Olav Osen
rådmann

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
208/14	Formannskapet	PS	08.10.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Emma Hjelmtveit		14/1403

Godkjenning av innkalling og saksliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
209/14	Formannskapet	PS	08.10.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ruth Karin Halvorsen		14/1403

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 17.09.2014

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

Saksopplysninger:



Møteprotokoll Formannskapet

Møtedato: 17.09.2014
Møtestad: Kommunehuset - Børilden
Møtetid: 09:00 - 12:00

Sak 207/14 Kulturpris 2014 vart lagt fram i møtet. Saka er unnateke offentlighet.
Saka har fått eit høgt nr på grunn av ein teknisk feil i møteprogrammet.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Liv Ulvøy	V	Medlem
Ernst Stellberg	H	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Helge Dyrkolbotn	KRF	Varaordførar
Reidar Øksnes	SP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Knut Risnes	KRF	Varamedlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:
Asbjørn Nagell Toft, Jan Olav Osen

Dato 17.09.2014

Per Lerøy
ordførar

Jan Olav Osen
rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
177/14	Godkjenning av innkalling og saksliste
178/14	Godkjenning av møteprotokoll
179/14	Meldingar
180/14	Delegerte saker
181/14	Orienteringssak
182/14	Framtidas barnehage i Kaland - nedsetjing av administrativ arbeidsgruppe og mandat
183/14	Kjøp av tilleggsareal frå gbnr. 130/20 til Austrheim kommune sin barnehagetomt på Kaland
184/14	Kjøp av paviljong Kaland skule
185/14	Tilleggsbevilling vatn til Øyane
186/14	Søknad om permanent skuleskyssordning frå og til Litleindås
187/14	Godkjenning av Detaljregulering for Næringsområde N05 Leirvågskrysset, arealplanid. 2005006
188/14	Søknad om deling av to hyttetomter på gbnr. 137/7 Njøten-Dispensasjonssøknad
189/14	Uttale regional kulturplan
207/14	KULTURPRIS 2014

177/14: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

17.09.2014 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 177/14 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

178/14: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

17.09.2014 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 178/14 Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

179/14: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

17.09.2014 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 179/14 Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

180/14: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

17.09.2014 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 180/14 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

181/14: Orienteringssak

17.09.2014 FORMANNSKAPET

- Rolf Maurseth orienterte om prosjektet " Giving hope to a child". Dei sender søknad om tilskot. I tillegg deltok Kjell Tore Karlsen og JUSU Gylfan under orienteringa.

- Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om referat frå møte om næringsområde N18 i Øksnemarka den 10.09.14. F- sak 04/01 og rapport frå siv. ing Vidar Mjøs vedrørende industriområde Øksnes vart utdelt i møtet.

-Avdelingsleiar Rolf Henning Myrmel orientere om prosessen og tilbod som er motteke i samband med sal av årås barnehage.

FS - 181/14 Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

182/14: Framtidas barnehage i Kaland - nedsetjing av administrativ arbeidsgruppe og mandat

Rådmannen sitt framlegg:

Det vert sett ned ei administrativ arbeidsgruppe som skal vurdere ulike løysingar på Kaland barnehage sine framtidige behov for areal, sett i lys av kva for alternativ kommunen vel for framtidig skulestruktur.

Gruppa vert slik samansett:

Torleiv Frotjold - kommunalsjef for oppvekst
Olav Mongstad – ass. rådmann
Åshild Hope Herland – styrar Kaland barnehage
Eldbjørg Bakke – rektor Kaland barne- ungdomsskule
Rolf Henning Myrmel – leiar teknisk drift

Gruppa får følgjande mandat:

1. Skaffe oversikt over behovet for barnehagekapasiteten i krinsen.
2. Med bakgrunn i Kaland skule sin situasjon etter vedtak om skulestruktur, finne ut om areal i skulen kan nyttast til utviding av barnehagen.
3. Vurdere andre løysingar for arealbehov for barnehagen.
4. Leggje fram forslag til løysing for Formannskapet og Kommunestyret – for at politikarane skal gi retning for vidare arbeid.
5. Gruppa kan leggje fram delløysingar av mandatet til politisk nivå.

Gruppa skal leggje fram materiale som kan leggjast til grunn for politiske vedtak.

17.09.2014 FORMANNSKAPET

Fellesframlegg:

Det vert sett ned ei administrativ arbeidsgruppe som skal vurdere ulike løysingar på Kaland barnehage sine framtidige behov for areal, sett i lys av kva for alternativ kommunen vel for framtidig skulestruktur.

Grappa vert slik samansett:

Torleiv Frotjold - kommunalsjef for oppvekst
Olav Mongstad – ass. rådmann
Åshild Hope Herland – styrar Kaland barnehage
Eldbjørg Bakke – rektor Kaland barne- ungdomsskule
Rolf Henning Myrmel – leiar teknisk drift

Grappa får følgjande mandat:

1. Skaffe oversikt over behovet for barnehagekapasiteten i krinsen.
2. Med bakgrunn i Kaland skule sin situasjon etter vedtak om skulestruktur, finne ut om areal i skulen kan nyttast til utviding av barnehagen.
3. Vurdere andre løysingar for arealbehov for barnehagen.
4. Leggje fram forslag til løysing for Formannskapet og Kommunestyret – for at politikarane skal gi retning for vidare arbeid.
5. Grappa kan leggje fram delløysingar av mandatet til politisk nivå.

Grappa skal innan 1. kvartal 2015 leggje fram materiale som kan leggjast til grunn for politiske vedtak.

Fellesframlegget vart samrøystes tilrådd.

FS - 182/14 Vedtak:

Det vert sett ned ei administrativ arbeidsgruppe som skal vurdere ulike løysingar på Kaland barnehage sine framtidige behov for areal, sett i lys av kva for alternativ kommunen vel for framtidig skulestruktur.

Grappa vert slik samansett:

Torleiv Frotjold - kommunalsjef for oppvekst
Olav Mongstad – ass. rådmann
Åshild Hope Herland – styrar Kaland barnehage
Eldbjørg Bakke – rektor Kaland barne- ungdomsskule
Rolf Henning Myrmel – leiar teknisk drift

Grappa får følgjande mandat:

1. Skaffe oversikt over behovet for barnehagekapasiteten i krinsen.
2. Med bakgrunn i Kaland skule sin situasjon etter vedtak om skulestruktur, finne ut om areal i skulen kan nyttast til utviding av barnehagen.
3. Vurdere andre løysingar for arealbehov for barnehagen.

4. Leggje fram forslag til løysing for Formannskapet og Kommunestyret – for at politikarane skal gi retning for vidare arbeid.
5. Gruppa kan leggje fram delløysingar av mandatet til politisk nivå.

Gruppa skal innan 1. kvartal 2015 leggje fram materiale som kan leggjast til grunn for politiske vedtak.

183/14: Kjøp av tilleggsareal frå gbnr. 130/20 til Austrheim kommune sin barnehagetomt på Kaland

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune kjøper omlag 2,5 dekar av gnr. 130, bnr. 20 som tilleggsareal til eksisterande barnehagetomt på Kaland. Salet og arealoverføring vert betalt med kr. 100 pr. kvadratmeter, i denne saka vert det om lag kr. 250.000. Kostnaden kr. 250.000 vert dekket med lån frå post 323060991900. Lånet vert tilbakebetalt i 2015.

17.09.2014 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 183/14 Vedtak:

Austrheim kommune kjøper omlag 2,5 dekar av gnr. 130, bnr. 20 som tilleggsareal til eksisterande barnehagetomt på Kaland. Salet og arealoverføring vert betalt med kr. 100 pr. kvadratmeter, i denne saka vert det om lag kr. 250.000. Kostnaden kr. 250.000 vert dekket med lån frå post 323060991900. Lånet vert tilbakebetalt i 2015.

184/14: Kjøp av paviljong Kaland skule

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre bevilgar kr 480 000 til kjøp av paviljong på Kaland. Kostnaden vert dekket med lån frå post 32306099330 - Kommunale vegar. Kostnaden vert tilbakeført på budsjettet i 2015.

17.09.2014 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 184/14 Vedtak:

Austrheim kommunestyre bevilgar kr 480 000 til kjøp av paviljong på Kaland. Kostnaden vert dekkja med lån frå post 32306099330 - Kommunale vegar. Kostnaden vert tilbakeført på budsjettet i 2015.

185/14: Tilleggsbevilling vatn til Øyane

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre godkjenner ei tilleggsbevilling på 2,13 mill eks mva til ferdiggjering av vatn til Øyane. Kostnadane vert dekkja med lån frå post. 323060991900 – Bygge/konsulentteneste nybygg.

Kostnadane vert tilbakeført i budsjettet for 2015.

17.09.2014 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 185/14 Vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner ei tilleggsbevilling på 2,13 mill eks mva til ferdiggjering av vatn til Øyane. Kostnadane vert dekkja med lån frå post. 323060991900 – Bygge/konsulentteneste nybygg.

Kostnadane vert tilbakeført i budsjettet for 2015.

186/14: Søkna om permanent skuleskyssordning frå og til Litlelindås

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim formannskap godkjenner at kostnadene med ekstra skuleskyss på vegstykket frå fylkesvegen og inn til vegkrysset på Litlelindås vert dekkja av kommunen. Ordninga skal vere til høve for mjuke trafikkantar er utbetra og vurderte som trygge med tanke på fungere som gangveg for skuleelevar.

17.09.2014 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 186/14 Vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner at kostnadene med ekstra skuleskyss på vegstykket frå fylkesvegen og inn til vegkrysset på Litlelindås vert dekkja av kommunen. Ordninga skal vere til tilhøva for mjuke trafikkantar er utbetra og vurderte som trygge med tanke på fungere som gangveg for skuleelevar.

187/14: Godkjenning av Detaljregulering for Næringsområde N05 Leirvågskrysset, arealplanid. 2005006

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune godkjenner Detaljregulering for Næringsområde N05 Leirvågskrysset med arealplanid. 2005006. Føresegner til reguleringsplanen er datert den 27.08.2014 og plankart er datert den 03.09. 2014. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 12-12.

17.09.2014 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 187/14 Vedtak:

Austrheim kommune godkjenner Detaljregulering for Næringsområde N05 Leirvågskrysset med arealplanid. 2005006. Føresegner til reguleringsplanen er datert den 27.08.2014 og plankart er datert den 03.09. 2014. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 12-12.

188/14: Søknad om deling av to hyttetomter på gbnr. 137/7 Njøten-Dispensasjonssøknad

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune gjev som omsøkt dispensasjon til frådelling av to hyttetomtar på eigedom gnr. 137, bnr. 7. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland på klagevurdering.

17.09.2014 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 188/14 Vedtak:

Austrheim kommune gjev som omsøkt dispensasjon til frådeling av to hyttetomtar på eigedom gnr. 137, bnr. 7. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland på klagevurdering.

189/14: Uttale regional kulturplan

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune gjev uttale til regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 i samsvar med rådmannen si saksframstilling.

03.09.2014 FORMANNSKAPET

Saka vert utsett til formannskapsmøte 17.09.14

Framlegget vart samrøystes vedteke

FS - 176/14 Vedtak:

Saka vert utsett til formannskapsmøte 17.09.14

17.09.2014 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 189/14 Vedtak:

Austrheim kommune gjev uttale til regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 i samsvar med rådmannen si saksframstilling.

207/14: KULTURPRIS 2014

Saka er unnateke offentlegheit.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
210/14	Formannskapet	PS	08.10.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ruth Karin Halvorsen		14/1403

Godkjenning av møteprotokoll sak 207/14 - ikkje offentleg

Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 17.09.2014

Protokoll - Formannskapet - 17.09.2014

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
211/14	Formannskapet	PS	08.10.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Emma Hjelmtveit		14/1403

Meldingar

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
211/14.1	Skatteinngong september 2014

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

Saksopplysninger:

SKATTEINNGANG 2014

Månad	REKNESKAP 2014		BUDSJETT 2014		REKNESKAP 2013		Endring	Endring %
	pr. mnd.	Totaler	Pr. mnd.	Totaler	pr. mnd.	Totaler	%	14/13
Januar	10 589	10 589	10 589	10 589	10 848	10 848	-2,39	-2,39
Februar	103	10 692	690	11 279	306	11 154	-66,34	-4,14
Mars	14 090	24 782	14 890	26 169	13 936	25 090	1,11	-1,23
April	-	24 782	920	27 089	655	25 745	-100,00	-3,74
Mai	16 546	41 328	18 600	45 689	17 400	43 145	-4,91	-4,21
Juni	1 475	42 803	341	46 030	162	43 307	810,49	-1,16
Juli	10 397	53 200	11 200	57 230	10 209	53 516	1,84	-0,59
August	648	53 848	1 285	58 515	839	54 355	-22,77	-0,93
September	14 548	68 396	14 980	73 495	14 323	68 678	1,57	-0,41
Oktober			644	74 139	566	69 244		
November			16 250	90 389	15 012	84 256		
Desember			230	90 619	30	84 286		
			90 619	90 619	84 286	84 286		

1/10/14
 AUSTREHEIM KOMMUNE
 Skatteoppkrevjaren
 5949 Austreheim
Susanna Dragey

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
212/14	Formannskapet	PS	08.10.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Emma Hjelmtveit		14/1403

Delegerte saker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
126/14	Vedtak om frådelling av bustadtomt på gbnr. 130/6 på Kaland
123/14	Vedtak - gbnr 164/5 m.fl. - Krossøy - opparbeiding av parkeringsplass og bygging av veg
122/14	Søknad om deling gbnr 160/70 Lauvøy - nye grunneigedommar til hyttetomtar
124/14	Søknad gbnr 156/280 seksjon nr. 3 - mellombels bruksløyve
121/14	Løyve - gbnr 156/124 - Blomhaugane - bustad
125/14	Byggesak gbnr 157/92 - Bergsvik - fritidsbustad - løyve

Framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
213/14	Formannskapet	PS	08.10.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Emma Hjelmtveit		14/1403

Orienteringssak

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
214/14	Formannskapet	PS	08.10.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	HistSak - 07/1302, FA - L13	14/858

Godkjenning av Detaljregulering for Torvhaugane bustadfelt- Leikvoll- Gbnr 140/1 med Arealplanid 2007006

Vedlegg:

SV KOPI_Uttale - Austrheim kommune. Detaljregulering for Torvh

p-11-regplan-167-5 - sep 2014 - 260914

Føresegner for Detaljreguleringa

Torvhaugane - merknader off. ettersyn pr 22.09.14

Kommentar merknader-off. ettersyn 22.09.14

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune godkjenner Detaljregulering for Torvhaugane bustadfelt- Leikvoll- Gbnr 140/1 med Arealplanid 2007006. Føresegner er datert 26.09. 2014 og plankart til reguleringsplanen er datert den 26.09. 2014. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i Plan- og bygningslova si § 12-12.

Saksopplysninger:

Austrheim kommune vedtok den 24.06. 2014 i sak 141/14 at detaljregulering for Torvhaugane bustadfelt- Leikvoll- Gbnr 140/1 med Arealplanid 2007006 på vilkår skulle sendast ut på offentleg ettersyn. Vilkåret var at oppdatert plankart i tråd med vedtak og som omtalt i saksutgreiinga vert levert av planleggjar til Austrheim kommune før detaljreguleringa formelt vert sendt ut til offentleg ettersyn. Dette vart gjort rett etterpå og høyringsfristen vart sett til 8. september 2014. Føresegnene som vart sendt på offentleg ettersyn samstundes vart og endra i tråd med vedtak den 24.06. 2014. Planleggjar sendte den 22.09. 2014 plankart og kommentar til merknadane som har kome inn i samband med offentleg ettersyn. Føresegner er retta i samsvar med vedtak i PS 141/14 og etter krav frå Statens vegvesen i merknad datert 03.09. 2014.

Reguleringsplanen er i hovudsak på gnr. 140, del av bnr. 1 på Leikvoll. Dette er i område avsett i

kommuneplanen sin arealdel som bustadområde B 29. Her er det plankrav før utbygging kan skje. I tillegg omfattar reguleringsplanen areal for ny veg i LNF-område fram til bustadfeltet frå fylkesvegen mellom Solend og Årås. Detaljreguleringa er i tråd med kommuneplanen sin arealdel som vart godkjent i 2007. Det er planlagt 12 nye bustadar her, fordelt på 4 tomannsbustadar og 8 einebustadar, til saman 16 bustadeiningar. Det er mogeleg å byggja sekunærbustadar opptil 75 m² på einebustadane, dette er i praksis ofte kjellarleiligheitar som eventuelt kan leigast ut. Bustadfeltet er på om lag 25 dekar. Det er eit hus frå før her i dette planområdet og ein frådelt tomt utan hus på i dag. Bustadområde skal knyttast til det offentlege leidingsnett for avlaup og vatn som er ved fylkesvegen her. Avstanden til skule er om lag 2 km om ein går langs veg. Om ein går stien sør for idrettsanlegget ved Austrheim Idrettspark vert avstanden til Årås skule på om lag 1 km i luftlinje. Planleggjar Vidar Mjøs skreiv i samband med planframlegget at ROS-analysen viser at dette arealet er eigna til utbyggingsformål. Tiltakshavar er Egil Leikvoll. Planframlegget som vart kunngjort i lokalavisa og elles tilsendt offentlege instansar og private partar i planområdet kunne og sjåast på kommunehuset sitt servicekontor. Høyringsfristen er no gått ut og merknadane skal no kommenterast og handsamast på vanleg måte. Merknadar til planframlegget måtte sendast til Austrheim kommune innan 08.09. 2014. Desse merknadane kom inn:

Fylkesmannen i Hordaland skriv i sin merknad datert den 23.07.2014 at «*Vi syner til mottatt brev 1.06.2014 og kunngjering av offentlig ettersyn - Austrheim -Gnr 140 Bnr 1 - Torhaugane bustadfelt - Leikvoll - Detaljregulering - PlanID 12642007006. Fylkesmannen har ingen merknader.*»

Planleggjar Vidar Mjøs sin kommentar her datert 22/9 2014 kan de sjå i vedlegg i saka.

Austrheim kommune sin kommentar: Austrheim kommune tek merknaden frå Fylkesmannen til orientering.

Statens vegvesen; region vest skriv i sin merknad datert 03.09.2014 at tilkomst til området skal skje via avkjørsle frå fylkesveg 419. Planlegging av slike tiltak skal vera i samsvar med Statens vegvesen sine håndbøker. Dei har lagt ved ein illustrasjon med tekst til som viser korleis avkjøringa skal planleggjast. Dei stiller rekkjefølgjekrav til opparbeiding av avkjørsla, dette må inn i føresegna. Ein byggeplan for denne må vera godkjent av vegvesenet før det kan gjevast igangsettingsløyve til tiltaket. Vegvesenet krev og at føresegna tek med at avkjørsla skal vera på etablert i samsvar med plan før det vert gjeve melombels bruksløyve/ferdigattest for nye bustadar i planområdet.

Planleggjar Vidar Mjøs sin kommentar her kan de sjå i vedlegg i saka.

Austrheim kommune sin kommentar: Austrheim kommune tek merknaden frå Fylkesmannen til etterretning. Plankart og føresegner er retta opp i samsvar med Statens vegvesen sin merknad.

BKK Nett skriv i sin merknad den 05.08. 2014 at dei ser ingen direkte konflikt mellom sine anlegg og plan. Dei tek opp at BKK har ei 22 KV luftlinje som kryssar planlagt veg/vegssystem på to stadar i planområdet. Dei har og ein nettstasjon ved planlagt veg/vegssystem vest i planområdet som det må takast omsyn til. Dei har lagt ved ei kartskisse som viser dette. BKK skriv at på bakgrunn av ny utvikling i området, så vil det vera trong for å byggje ut ein del nytt nett og tilretteleggja for nye tilknytningar. Dei ber om at at infrastrukturtiltak i planområdet vert samordna og planlagt saman med med BKK Nett.

Planleggjar Vidar Mjøs sin kommentar her kan de sjå i vedlegg i saka.

Austrheim kommune sin kommentar: Austrheim kommune tek merknaden frå BKK Nett til orientering.

Torleif Berg, grunneigar på gnr. 140/27 på Leikvoll har i e-post datert 31.07.2014 kome med ein del innspel og spørsmål til detaljreguleringa. Han ber om nabovarsel. Han tek opp kor langt tilkomstvegen skal vera frå nabogrense og stiler spørsmål her på avstanden til sin eigedom. Veggen er «*tegnert inn helt på vår grense*», skriv Torleif Berg. Han tek opp økonomiske tilhøve vedrørende veg og tekniske anlegg i planområdet og lurar på korleis dette er tenkt løyst. Får dei dette vederlagsfritt eller «*blir vi tunget inn på ny vei med de kostnader det medfører*». Han stiller og spørsmål om dei i framtida kan «*benytte same vei som i dag (gassevågsveien)*».

Planleggjar Vidar Mjøs sin kommentar her kan de sjå i vedlegg i saka.

Austrheim kommune sin kommentar: Austrheim kommune har svart på spørsmåla frå Torleif Berg i e-post den 04.08. 2014. Noko av det Berg tok opp har han såleis i sommar fått svar på av Austrheim kommune. Andre spørsmål har planleggjar Vidar Mjøs teke opp i sin kommentar til Bergs innkomne merknadar i vedlagt skriv datert 22.09.2014.

Austrheim kommune vil peika på at når ein planlegg ein reguleringsplan kan ein sjå vekk frå eigedomsgrenser om dette er formålstenleg eller ynskjeleg. Så avstanden til nabogrense treng ikkje vera 4 meter for den planlagte veggen. Austrheim kommune vil peika på at slike tiltak må etterpå løysast gjennom privatrettslege avtalar og anna lovverk om veggen skal verat bygd. Det betyr at tilkomstveg kan planleggjast som det her er gjort på plankart inn på Bergs grense på eigedom gnr. 140/27 på Leikvoll. Austrheim kommune ser at det er vanskeleg å unngå dette her, og vil visa til planleggjar sin kommentar på dette punktet.

Austrheim kommune er klar på at denne detaljreguleringa ikkje opnar opp for biltillkomst frå Gassevågvegen til planområdet. Denne veggen vert stengt for biltrafikk frå dette planområdet, men gåande og syklande kan nytte denne. På denne måten får dei mjuke trafikkantane ein tryggare tilkomstveg frå nord og kortare avstand til skule og butikk. Sidan eigedommane til Torleif Berg er innafor planområdet får han som alle dei andre i planområdet ny tilkomst med bil frå planlagt tilkomstveg frå Fylkesvegen. Dette vert ein tryggare og betre bilveg for alle i planområdet. Ffor eksisterande naboeigedommar som nyttar Gassevågvegen i dag er det ein stor fordel å ikkje få auka mengd med biltrafikk her. Austrheim kommune meiner elles at dei privatrettslege tilhøva tek planleggjar tydleg og klårt og me viser til planleggjar sin kommentar på desse punkta.

Vurdering:

Rådmannen synes at reguleringsplanen tek viktige omsyn til partane i planområdet og andre bruksinteresser knytt til planområdet. Rådmannen meiner at partane her er ivareteke på ein god måte i reguleringsplanen gjennom endringane i plankartet og i føresegnene. Rådmannen synes at dei som skal bu og ferdast her er sikra gjennom klare føresegner til planen. Statens vegvesen sine merknadar er teke til følgje for å ivareta tryggleiken i den nye avkjørsla mot fylkesvegen på ein god måte.

Rådmannen meiner at det etter forvaltingslova og plan- og bygningslova ikkje er grunn til å krevja

fleire offentleg ettersyn (høyringar) i reguleringsplansaka no. Detaljreguleringa er vorte godt belyst, alle partar i saka er vorte høyrd og endringane er minimale. Rådmannen er glad for at både planleggjar og tiltakshavar har vore konstruktive å samarbeida med i planprosessen. Det har og dei andre offentlege instansane vore.

Rådmannen rår til at Detaljregulering for Torvhaugane bustadfelt- Leikvoll- Gbnr 140/1 med Arealplanid 2007006. med plankart datert 26.09. 2014 og føresegner datert 26.09. 2014 vert godkjent slik den no ligg føre.

Konklusjon:

Austrheim kommune godkjenner Detaljregulering for Torvhaugane bustadfelt- Leikvoll- Gbnr 140/1 med Arealplanid 2007006. Føresegner til reguleringsplanen er datert den 26.09. 2014 og plankart er datert den 26.09. 2014.

Fra: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>
Sendt: 26. september 2014 09:47
Til: Asbjørn Nagell Toft
Emne: SV: KOPI_Uttale - Austrheim kommune. Detaljregulering for Torvhaugane bustadfelt, Leikvoll, gnr. 140 bnr. 1 til offentlig ettersyn.
Vedlegg: p-11-regplan-167-5 - sep 2014 - 260914.pdf

Vedlagt : revidert plankart, der fortausarealet langs fylkesvegen (fortau + sideareal (1 m + frisikt) er vist som eige føremål (gangveg).

Mvh
Vidar Mjøs
Siv. ing. Vidar Mjøs
Fabrikkg 7b, 5059 Bergen
vidar-mj@online.no
tlf 55598262 mob 90788921

Fra: Asbjørn Nagell Toft [<mailto:asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no>]
Sendt: 26. september 2014 08:08
Til: vidar-mj@online.no
Kopi: anne.espelund@vegvesen.no
Emne: VS: KOPI_Uttale - Austrheim kommune. Detaljregulering for Torvhaugane bustadfelt, Leikvoll, gnr. 140 bnr. 1 til offentlig ettersyn.

Til Vidar Mjøs

Desse spørsmåla og det du tek opp må eventuelt Statens Vegvesen svara på. Eg viser elles til anna e-post frå Statens vegvesen i denne saka.

Mvh.

Asbjørn N. Toft

Fra: Vidar Mjøs [<mailto:vidar-mj@online.no>]
Sendt: 25. september 2014 15:47
Til: 'Espelund Anne Marta'; Asbjørn Nagell Toft
Emne: SV: KOPI_Uttale - Austrheim kommune. Detaljregulering for Torvhaugane bustadfelt, Leikvoll, gnr. 140 bnr. 1 til offentlig ettersyn.

Viser til vedlagt notat :

- Planframlegg 2008 : kartunderlaget viser fylkesvegen utan fortau, senterlinje for justert veg og nye kantlinjer er lagt inn i vegformålet (antar at linjene vart henta frå vegplan utarbeidd av Haugen VVA)

- Justert plan 2014 : + fortau på Veg 1 (krav frå kommunen), nytt underlagskart viser at fylkesvegen no har fått fortau, FV 4 er trekt inn 3 m i nord, sporingskurvene for L (lastebil er lagt inn med blå strek og viser at det er god plass for lastebil direkte frå fylkesveg inn på FV 4
- Utklipp frå handbok N100 : I staden for å auka kantradien frå 8 til 9 m bør det vel heller vurderast ein mindre radius for å redusera lengda på dei gåande si kjørebane kryssing ?

Mvh
Vidar Mjøs
Siv. ing. Vidar Mjøs
Fabrikkg 7b, 5059 Bergen
vidar-mj@online.no
tlf 55598262 mob 90788921

Fra: Espelund Anne Marta [<mailto:anne.espelund@vegvesen.no>]

Sendt: 25. september 2014 09:10

Til: Asbjørn Nagell Toft

Kopi: vidar-mj@online.no

Emne: SV: KOPI_Uttale - Austrheim kommune. Detaljregulering for Torvhaugane bustadfelt, Leikvoll, gnr. 140 bnr. 1 til offentlig ettersyn.

Hei,

Eg kan ikkje sjå at det er gjort vesentlege endringar i tilsendt plankart i høve til det vi ga uttale til. Bed òg om at fortau langs fv vert regulert som fortau, og ikkje «kjøreveg med fortau eller gangveg» (då dette kan skape problem juridisk).

Med helsing
Anne Marta Espelund

Seks on: Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
Kontoradresse: Spelhaugen 12, FYLLINGSDALEN
Telefon: +47 55516432 **Mobil:** +47 99290519 **e-post Lyn :** anne.espelund@vegvesen.no
www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?

Fra: Asbjørn Nagell Toft [<mailto:asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no>]

Sendt: 23. september 2014 14:01

Til: Espelund Anne Marta

Kopi: vidar-mj@online.no

Emne: VS: KOPI_Uttale - Austrheim kommune. Detaljregulering for Torvhaugane bustadfelt, Leikvoll, gnr. 140 bnr. 1 til offentlig ettersyn.

Til Anne Espelund

T

akk for sist. Kan du sjå på denne e-posten og vedlagt plankart her. Eg viser til dykkar skriv/merknad i saka datert den 03.09.2014 der de skriv at:

Medverknad frå Statens vegvesen i vidare planarbeid

Vi bed om å få uttale oss til revidert planframlegg før planen event
gjern kontakt dersom de har spørsmål knytt til våre merknader.

Kan vegvesenet godta dette plankartet som no ligg føre? Eg set pris på tilbakemelding innan denne veka då planen er å få den opp til politisk handsaming snarast. Eg har ein frist på meg til politisk handsaming i oktober.

Når det gjeld føresegnene, så vil Austrheim kommune ta til etterretning det som de i vegvesenet har skrive i dykkar merknad. Dette tek eg meg av som sakshandsamar i saka. Føresegnene vil såleis verta retta opp slik de skriv i dykkar merknad før reguleringsplanen vert eigengodkjent.

Men plankartet treng eg dykkar velsigning på no, då det i så fall må rettast opp av planleggjar Vidar Mjøs om de har synspunkt på dette.

Mvh.

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Fra: Vidar Mjøs [<mailto:vidar-mj@online.no>]

Sendt: 22. september 2014 16:51

Til: Asbjørn Nagell Toft

Kopi: 'Egil Leikvoll'

Emne: SV: KOPI_Uttale - Austrheim kommune. Detaljregulering for Torvhaugane bustadfelt, Leikvoll, gnr. 140 bnr. 1 til offentlig ettersyn.

Vedlagt :

- Mottekne merknader, samla i ei .pdf - fil
- Notat N8, med oppsummering og kommentarar til merknader
- Revidert plankart

Mvh

Vidar Mjøs
Siv. ing. Vidar Mjøs
Fabrikkg 7b, 5059 Bergen
vidar-mj@online.no
tlf 55598262 mob 90788921

Fra: Asbjørn Nagell Toft [<mailto:asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no>]

Sendt: 16. september 2014 18:29

Til: vidar-mj@online.no

Emne: VS: KOPI_Uttale - Austrheim kommune. Detaljregulering for Torvhaugane bustadfelt, Leikvoll, gnr. 140 bnr. 1 til offentlig ettersyn.

Hei Vidar Mjøs

Torvhaugane detaljreguleringa

Kan du ringa meg mellom 08-09 onsdag 17 september å drøfta kort Torvhaugane. Opplegget er å løyse vegvesenet sitt avkøyringsak og sjå på merknaden frå han som alt bur der om det er noko å gjera der. Om du leverer eit oppdatert plankart snarast så kan eg senda det til vegvesenet for kvalitetssjekk på vanleg måte. Dei ba om det i sin merknad. Eg vil prøva å få opp saka i neste formannskap som er i byrjinga av oktober og så til endeleg godkjenning i kommunestyret seinare i oktober. Det er planen.

(Leirvågkrysset kjem opp i morgon og i kommunestyret den 12oktober.)

Mvh.

Asbjørn Toft

Fra: Asbjørn Nagell Toft

Sendt: 8. september 2014 12:01

Til: Vidar Mjøs

Emne: SV: KOPI_Uttale - Austrheim kommune. Detaljregulering for Torvhaugane bustadfelt, Leikvoll, gnr. 140 bnr. 1 til offentlig ettersyn.

Til Vidar Mjøs

Du vil få dei tilsendt samla merknadane. Merknadsfrist er 8. september, i dag.

Mvh.

Asbjørn Toft

Fra: Vidar Mjøs [<mailto:vidar-mj@online.no>]

Sendt: 8. september 2014 11:52

Til: Asbjørn Nagell Toft

Kopi: egil.leikvoll@outlook.com; 'leikvoll9'

Emne: SV: KOPI_Uttale - Austrheim kommune. Detaljregulering for Torvhaugane bustadfelt, Leikvoll, gnr. 140 bnr. 1 til offentlig ettersyn.

Eg kan sikkert i samarbeid med oppdragsgjevar levera kommentarar til konkrete tilhøve i innkomne merknader.

Det er no kommunen som får merknadene (når går fristen ut ?) og som skal gjera si vurdering som planstyresmakt.

Eg antar at kommunen då vil lista opp merknadene og organisera desse i ei samla .pdf-fil som kan leggjast til grunn for kommunens eiga vurdering og leggjast ved saka når denne skal opp til 2. gangs handsaming.

Eg vil be om å få oversendt merknadene samla, med spesifikasjon av tilhøve som kommunen ønskjer eller finn det naudsynt at forslagsstillar kommenterer.

Mvh
Vidar Mjøs
Siv. ing. Vidar Mjøs
Fabrikkg 7b, 5059 Bergen
vidar-mj@online.no
tlf 55598262 mob 90788921

Fra: Asbjørn Nagell Toft [<mailto:asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no>]

Sendt: 4. september 2014 10:27

Til: vidar-mj@online.no

Emne: VS: KOPI_Uttale - Austrheim kommune. Detaljregulering for Torvhaugane bustadfelt, Leikvoll, gnr. 140 bnr. 1 til offentlig ettersyn.

Til Vidar Mjøs

Her kom utalen frå Statens vegvesen når det gjeld Torvhaugane.

Mvh.

Asbjørn Toft

Fra: Espelund Anne Marta [<mailto:anne.espelund@vegvesen.no>]

Sendt: 3. september 2014 14:49

Til: fmhpostmottak@fylkesmannen.no; regional@hfk.no

Kopi: Asbjørn Nagell Toft

Emne: KOPI_Uttale - Austrheim kommune. Detaljregulering for Torvhaugane bustadfelt, Leikvoll, gnr. 140 bnr. 1 til offentlig ettersyn.

Sjå vedlagt dokument.

Med helsing
Anne Marta Espelund

Seks on: Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
Kontoradresse: Spelhaugen 12, FYLLINGSDALEN
Telefon: +47 55516432 **Mobil:** +47 99290519 **e-post Lyn :** anne.espelund@vegvesen.no
www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?

No virus found in this message.

Checked by AVG - www.avg.com

Version: 2014.0.4765 / Virus Database: 4015/8157 - Release Date: 09/05/14

No virus found in this message.

Checked by AVG - www.avg.com

Version: 2014.0.4765 / Virus Database: 4025/8254 - Release Date: 09/21/14

No virus found in this message.


Checked by AVG - www.avg.com

Version: 2014.0.4765 / Virus Database: 4025/8269 - Release Date: 09/25/14

No virus found in this message.

Checked by AVG - www.avg.com

Version: 2014.0.4765 / Virus Database: 4025/8275 - Release Date: 09/26/14



TEIKNFORKLARING

- Plangrense
- Formålsgrense
- - - Byggjegrænse
- - - Tomtegrænse
- - - Frisiktline

Byggjeområde (§25.1)

B Bustader

Offentlege trafikkområde (25.3)

Veg Kjøreveg

Veg Kjøreveg med fortau eller gangveg

Fortau Fortau

Fellesområde (§25.7)

FV Felles veg

FP Felles parkering

Fgv Felles gangareal

FL Fellesareal for lek og opphald

Spesialområde (§25.6)

Friskitsone

ILLUSTRASJONAR :

Einebustad :

maximal monehøgde


M+15.0 vegg mot terrenng

G+7.0 garasje

golvhøgde (grunnplanet) innkjørsel

Tomannsbustad

S Samlingsplass



AUSTRHEIM KOMMUNE		Mål
Reguleringsplan for Torvhaugane bustadfelt		Sjå målestav
Gnr. 140 Leikvoll, del av bnr. 1 m. fl.		Dato / sign.
ArealplanID 2007006		
SAKSHANDSAMING		
1. gangs handsaming i formannskapet. PS 141/14		24. 06. 2014
Offentleg ettersyn		
2. gangs handsaming i formannskapet		
Kommunestyret		
REVISJONAR		
A : Nytt grunnlagskart, EUREF koordinatsystem		20. 05. 2014/VM
B : Vedtak PS 141/14		04. 07. 2014/VM
C : Kryss med fylkesveg, FV 4		22. 09. 2014/VM

Egil Leikvoll	Dato	Sist revidert
Siv. ing. Vidar Mjøs	07. 04. 2008	26. 09. 2014
Fabrikkgaten 7B, 5059 BERGEN	Prosjekt nr. 167	Teikning nr. 01C

Gnr. 140 Leikvoll, del av bnr. 9 reguleringsføresegner- side 1

Austrheim kommune

Gnr. 140 Leikvoll, del av bnr. 1

Torvhaugane bustadfelt

Reguleringsføresegner

Retta 26. september 2014

1 G N LT

1.1 Planområdet er avgrensa med stipla line på plankart i mål 1 : 1 000.

1.2 Areala i planområdet er regulert til desse føremåla :

- byggeområde
- bustader
- trafikkområde
- kjørevegar
- fellesområde
- felles vegar
- fellesareal for leik og opphald
- felles parkering

1.3 Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram funn eller konstruksjonar, må ha arbeidet straks stansast og fylkeskonservatoren få melding for ei nærare gransking på staden, jfr. Kulturminnelova §8, 2. ledd.

1.4 Infrastruktur (vegar, leidningsanlegg mv.) og fellesanlegg (for opphald, leik mv.) skal vera ferdigstilt så langt at behovet for den enkelte bustaden er dekkja før det kan gjevast bruksløyve. Opparbeiding av leikeareal FL1 med planering og drenering med toppdekke i rett høgde, skal vera utført før det vert gjeve bruksløyve for tiltak som kan knytast til fellesveg FV3.

1.5 Rekkjefølgjekrav

1. Gangvegen Fgv (felles gangareal) må vera ferdig opparbeidd samstundes med FV2.
2. Det må byggjast fortau frå Fylkesveg 419 på Veg 1 til der FV1 møter Veg2 før byggjeløyve til hus kan gjevast.
3. Veg2 skal stengast med bom mot veg FV1, her skal berre mjuke trafikantar kunna koma forbi. Ved enden av veg FV2 og veg FV3 må det byggjast snuhammar samstundes med vegen.
4. Det må byggjast minimum to møteplassar på Veg1 og minimum to fartsdumpar på Veg1 i vegkrysset før Veg2 frå vest og ved vegkrysset på Veg1 før avkøyringa inn på fylkesvegen. Desse tiltaka må gjerast før byggjeløyve kan gjevast til bustadhus i planområdet.
5. Alle frisikta skal vera opparbeidde og godkjende før det kan gjevast bruksløyve til bustadane som nyttar desse vegkryssa.
6. Byggjeplan for avkjørsla frå fylkesvegen skal vera godkjent av Statens vegvesen før det kan gjevast igangsettingsløyve til tiltaket. Avkjørsla frå fylkesvegen skal vera etablert i samsvar med planen før det vert gjeve mellombels bruksløyve/ferdigattest til nye bustadar i planområdet.

Gnr. 140 Leikvoll, del av bnr. 9 reguleringsf resegner- side 2
Austrheim kommune

2 F LL S F S GN

2.2 Bygningane

2.2.1 Bygningane skal plasserast innafor generelle byggjegranser mot naboeigedom gitt i plan- og bygningslova eller spesielle byggjegranser innteikna på plankartet.

2.2.2 Maksimalt tilletne mønehøgder er påført plankartet.

2.3 Tilkomst og parkering

2.3.1 Der tilkomst til tomt ikkje er vist på plankartet vert framlegg til plassering vist i byggjemeldinga.

2.3.2 Parkeringsareal skal opparbeidast etter gjeldande parkeringsnormer i kommunen

2.3.3 Garasje kan, innafor reglane i plan- og bygningslova, oppførast i nabogrense, og saman med nabogarasje under eitt tak. Plassering av garasje skal visast på situasjonsplan som følgjer byggjemeldinga, sjølv om garasjen ikkje skal oppførast samtidig med bustadhuset.

2.4 bebygd areal.

2.4.1 Ingen tomter kan tilplantast med busker eller tre som kan verka sjenerande for offentleg ferdsel. Dei ubebygde delane av tomtane må gjevast ei tiltalende form og handsaming.

3 B GG M D

3.1 Bustader

3.1.1. Områda skal nyttast til bustader med tilhøyrande anlegg.

3.1.2. Bygningane skal utførast som frittliggjande einebustader.

3.1.3. I einebustadene kan det også innreist ei bueining nr. 2 med bruksareal inntil 75 m².

3.1.4. Tilleten tomteutnytting, rekna som samla bruksareal (BRA) i prosent av tomtearealet, er påført plankartet.

3.1.5. Minste uteopphaldsareal pr. bueining (MUA) skal vera 200 m².

4 SP SIAL M D

4.1 Friluftsområde

Skjøtsel av skog og anna vedlikehald må utførast på ein skånsam måte og slik at ein ikkje reduserer området verdi som grønt område med almen ferdselsrett etter friluftlova. Tre som er til vesentleg ulempe for bustadomtane med tanke på utsikt og solinnfall, eller som kan representera fåre, skal fjernast eller beskjerast.

4.2 Frisiktsoner

Ved kryss og avkjørslar skal det i området mellom frisiktlina og tilstøytande vegar. (frisiktsonene) vera fri sikt i 0,5 m høgde.

5 F LL S M D

5.1 Felles vegar skal vera felles for aktuelle brukarar.

5.2 Felles areal for lek og opphald skal vera felles for bustadfeltet.

5.3 Felles parkering FP1 skal vera felles gjesteparkering for bustadfeltet.

Fra: fmhopostmottak@fylkesmannen.no
Sendt: 23. juli 2014 08:46
Til: Post Austrheim
Emne: Offentleg ettersyn - Austrheim - Gnr 140 Bnr 1 - Torhaugane bustadfelt
- Leikvoll - Detaljregulering - PlanID 12642007006

Vi syner til mottatt brev 1.06.2014 og kunngjering av offentlig ettersyn - Austrheim -
Gnr 140 Bnr 1 - Torhaugane bustadfelt - Leikvoll - Detaljregulering - PlanID 12642007006.

Fylkesmannen har ingen merknader.

mvh

Jan Vidar Voster
Kommunal- og samfunnsplanavdelinga
Fylkesmannen i Hordaland

Fra: Torleif Berg <torleif.berg@spv.no>
Sendt: 31. juli 2014 11:48
Til: Post Austrheim
Emne: Vedrørende: Detaljregulering for Torvhauganen bustadfelt-Leikvoll-Gbnr 140/1 Arealplanid 2007006

Undertegnede sammen med min kone Hildegunn Berg er eier av Gbnr 40/27 i tilknytning til Torvhaugane bustadfelt.

Jeg har noen spørsmål som jeg håpet jeg kunne få svar på.

1. Er det ikke vanlig at det blir sendt ut nabovarsel når detaljregulering foreligger for et utbyggingsområde. ?
2. Ser i planene at vei skal være 3 m bred, pluss 1 m på hver side, totalt 5 m bredde, og er tegnet inn helt i vår grense, skal ikke veien være 4 m fra nabogrense ?
3. I sakspapirene står det: **Planlegger skriv og i planomtalen at «Til dei to etablerte tomtane vil det kunne leverast ny veg og nye tekniske anlegg»**
Betyr «leverast ny veg og nye teknisk anlegg» delvis vederlagsfritt for etablerte tomter eller blir vi tvunget inn på ny vei med de kostnader det medfører?
Kan vi i fremtiden benytte samme vei som i dag (gassevågsveien) ?

Med vennlig hilsen

Torleif Berg

Banksjef

Sparebanken Vest

Direkte +47 55 21 72 12 | Mobil +47 909 11 002 | Kundeservice (+47 915) 05555 | Internett www.spv.no

Fra: Torleif Berg <torleif.berg@spv.no>
Sendt: 4. august 2014 14:00
Til: Asbjørn Nagell Toft
Emne: SV: Føresegner til detaljregulering for Torvhaugen busadfelt

Hi .

Tusen takk for en utrolig rask og ryddig respons fra deg og Austrheim kommune.

Er det mulig at jeg kan kontakte deg på telefon slik at jeg kan spørre deg til råds om enkelte ting i prosessen fremover ?

Med vennlig hilsen

Torleif Berg

Banksjef

Sparebanken Vest

Direkte +47 55 21 72 12 | **Mobil** +47 909 11 002 | **Kundeservice** (+47 915) 05555 | **Internett** www.spv.no

Fra: Asbjørn Nagell Toft [<mailto:asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no>]

Sendt: 4. august 2014 10:35

Til: Torleif Berg

Emne: Føresegner til detaljregulering for Torvhaugen busadfelt

Til Torleif Berg

Her vert forslag til «Føresegner til detaljregulering for Torvhaugen busadfelt» sendt deg. Dette er i tråd med vedtaket i formannskapet. Om du har meiningar til desse så kan du ta de med i merknaden din.

Mvh.

Asbjørn N. Toft

Vennligst tenk på miljøet før du skriver ut denne mailen og/eller vedlegg.

Austrheim Kommune
Sætre marka 2
5943 AUSTRHEIM
NORGE

Deres ref.: 14/858-11/ANT
Vår ref.: 11443022

Dato: 05.08.2014

Innspill til detaljreguleringsplan for Torvhaugane Bustadfelt - Leikvoll

Viser til overnevnte detaljregulering for Torvhaugane bustadfelt, datert 16.07.14 og ønsker å komme med et innspill til denne planen.

BKK Nett ser ingen direkte konflikter mellom våre anlegg og plan, men vi har 22 kV luftlinje som krysser planlagt vei/ veisystem på to steder inn mot planområde, samt en nettstasjon i planlagt vei/ veisystem vest i planområdet som det må tas hensyn til. Se vedlagt kartskisse.


I planutkast står det at utbygging sannsynligvis vil medføre behov for tiltak i form av ny nettstasjon og fremføring av 22 kV til denne. Det er riktig at på bakgrunn av ny utvikling i område, så vil det bli behov for å bygge ut en del nytt nett og tilrettelegge for nye tilknytninger.

Det er fint om vi blir kontaktet tidlig slik at vi kan samordne infrastruktur i fellesgrøfter inn til området/ frem til de ulike enheter, samt plassering av nettstasjon/ kabelskap.


Dersom man ønsker flere opplysninger om privatrettslige forhold som anleggsbidragsregler for etablering av strømforsyning eller kostnader ved flytting av eksisterende distribusjonsanlegg, kan det tas kontakt med BKK Nett ved områdeansvarlig Jon Egil Einestrånd på telefon 95 16 38 68 eller e-post jee@bkk.no.

Det er viktig at eventuelle behov for forsterkninger, endringer eller omlegginger av elektriske installasjoner blir tilkjennegitt på et tidlig tidspunkt.

Vennlig hilsen
BKK NETT AS



Jon Egil Einestrånd
Spesialrådgiver



Kartutsnitt Torvhaugane

Målestokk:
1: 4 000

Dato:
05.08.2014



BKK Nett AS, Kokstadveien 37, Pb. 7050, 5020 Bergen, Tlf. 5512 7000





Statens vegvesen

Austrheim kommune
5943 AUSTRHEIM

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Anne Marta Espelund - 55516432

Vår referanse:
2014/089110-002

Dykkar referanse:
14/858

Vår dato:
03.09.2014

Uttale - Austrheim kommune.

Detaljregulering for Torvhaugane bustadfelt, Leikvoll, gnr. 140 bnr. 1 til offentlig ettersyn.

Viser til brev frå dykk dagsett 16. juli 2014: *Detaljregulering for Torvhaugane Bustadfelt - Leikvoll - Gbnr. 140/1- Arealplanid 2007006 - Offentleg ettersyn.*

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Saka gjeld

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for 16 bustader, med rom for eventuelle ekstra bueiningar i einestadane, med tilhøyrande infrastruktur. Tilkomst til området vi skje via avkjørsle frå fv 419 hp 1 ved km 0,805.

Arealpolitiske føringar for planarbeidet

Planlegging av tiltak knytta til fylkesveganlegget, skal vere i samsvar med Statens vegvesen sine håndbøker.


Statens vegvesen har følgjande konkrete innspel til arbeidet med reguleringsplanen

Tilknytning til riks- og fylkesvegnett

Vi er nøgd med at avkjørsla til planområdet er trekt noko mot nord i forhold til eksisterande situasjon, slik at det ikkje vert konflikstar med avkjørsla på motsatt side av vegen. Det er eit krav at avkjørsla skal ha ei utforming i samsvar med håndbok N100¹.

¹ Statens vegvesens håndbøker har fått nytt nummereringssystem fra 1. juni 2014. Dei kan lastast ned frå <http://www.vegvesen.no/Fag/Publikasjoner/Handboker>

Dimensjoneringsgrunnlaget er lastebil (L), svingradiene skal vere slik det går fram av illustrasjonen under. I samsvar med håndbok V121 kap. 3.13 skal frisikt vere minimum 6 x 45 meter. Dagens avkjørsle må visast stengd.



Regulering av riks- og fylkesveganlegg

Det må dokumenterast at den planlagde avkjørsla kan byggast i samsvar med vegnormalene og at det er avsett tilstrekkeleg areal i reguleringsplanen. Tekniske teikningar² for reguleringsplan utarbeida i samsvar med Statens vegvesens handbok R700 Tegningsgrunnlag, tilpassa omfanget av den aktuelle planen, vil vere eit godt utgangspunkt for våre vurderingar. Vi ynskjer å få teknisk plan til gjennomsyn snarast. Vi gjer merksam på at før arbeid knytt til fylkesveganlegg kan setjast i gang, skal byggeplan vere godkjent av Statens vegvesen og det må vere inngått ein gjennomføringsavtale mellom vegvesenet og tiltakshavar.

Rekkefølgekrav

For å unngå misforståingar bør det i føresegnene innarbeidast krav om at ein byggeplan for avkjørsla frå fylkesvegen skal vere godkjend av Statens vegvesen før det kan gjevast igangsettingsløyve til tiltaket.

Vi vil krevje at det vert innarbeid eit eige punkt i føresegnene om at avkjørsla frå fylkesvegen skal vera etablert i samsvar med planen før det vert gjeve midlertidig bruksløyve eller ferdigattest til nye bustader i planområdet.

Medverknad frå Statens vegvesen i vidare planarbeid

Vi bed om å få uttale oss til revidert planframlegg før planen eventuelt vert eigengodkjend. Ta gjerne kontakt dersom de har spørsmål knytt til våre merknader.

Plan og forvaltning - Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Anne Marta Espelund
Anne Marta Espelund

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planavdelinga, regional@hfk.no
Fylkesmannen i Hordaland, Plan- og beredskap, fmhopostmottak@fylkesmannen.no

² Sjå vedlagt kopi av brevet «Vegteikningar ved regulering av riks- og fylkesveg»



**Gnr. 140 Leikvoll i Austrheim kommune, del av bnr. 1.
Torvhaugane bustadfelt, PlanID 2007006.
Merknader ved offentlig ettersyn, pr. 22.- september.**

INNHALD:	side
Merknader	1
1. Fylkesmannen i Hordaland, 23. 07. 14	1
2. Torleif Berg, 31. 07 og 04. 08. 14	1
3. BKK Nett, 05. 08. 14	1
4. Statens vegvesen, 03. 09. 14	1
Kommentarar frå konsulent :	1

Merknader


Direkte sitat frå merknad er sett i *kursiv*.

- 1. Fylkesmannen i Hordaland, 23. 07. 14**
Ingen merknader.
 - 2. Torleif Berg, 31. 07 og 04. 08. 14**
eig bnr. 27, spør om avstand til grenser og vilkår for tilknytning til vegar og tekniske anlegg.
 - 3. BKK Nett, 05. 08. 14**
Behov for å byggja ut nytt nett og leggja til rette for nye tilknyttingar, ønskjer samarbeid.
 - 4. Statens vegvesen, 03. 09. 14**
har merknader, med skisse, til krysset med fylkesvegen og fellesveg FV 4.
-

Kommentarar frå konsulent :

Sjå etterfølgjande sider.

Bnr. 27




Eigdomskorridoren mellom bnr. 7 og 27 varierer i det kommunale kartverket frå ca. 5,5 m i sør til ca. 3,25 m i nord.

Planlagt Veg 2 følgjer kartverkets grense mot bnr 7 og kjem litt inn på bnr. 27 i nord.

Bruk av grunn, eller grensejustering, og vederlag for dette og for bruk av nye private vegar og tekniske anlegg, er private avtalespørsmål.

Kommunen kan påleggja tilknytting til nye vass- og avløpsanlegg og kreva gebyr dersom anlegga er offentlege.

Krysset med fylkesvegen



Planlagt kjøreveg (Veg 1) er 6 meter brei i kryssområdet, for å gje rom for passering .Innregulering av FV 4 inneber at eksisterande avkjørsel skal stengjast når FV 4 er etablert..

Plankartet er endra slik :

Sporningskurver for lastebil er lagt inn med blå strek.

Veg FV 4 er trekt 3 m austover i nordre enden.

Frisiktsone er utvida frå 5 til 6 m, regulert som del av offentleg trafikkområde (kjørebane, fortau og anna vegareal under eitt).

Fortau langs Veg 1 er vist som eige reguleringsføremål berre ut til fylkesvegområdet.

22. september 2014.

Vidar Pugsj

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
215/14	Formannskapet	PS	08.10.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FA - K24	14/1418

Uttale til utslepp av poly- og perfluorerte fobindelsar i Fensfjorden

Vedlegg:

Høyring av søknad om PFAS-utslipp frå TWMA Norge AS
Oversendingsepost vedr.Høyring av søknad om PFAS-utslipp frå TWMA Norge AS
Søknad om PFAS-utslepp frå TWMA Norge AS
Kunngjeringsstekst for søknad om PFAS-utslipp fra TWMA Norge AS
Kunngjøring Halliburton AS Mongstadbase
Kunngjøring TWMA Mongstad

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune ynskjer ikkje meir utslepp av poly- og /eller perfluorerte forbindelsar i Fensfjorden. Austrheim kommune frarår på det sterkaste frå at Miljødirektoratet gjev Halliburton AS Mongstadbase eller TWMA Norge AS på Mongstad løyve til utslepp av desse miljøfarlege giftene i Fensfjorden. Austrheim kommune vil peika på at det vil vera i strid med både internasjonal og nasjonal miljøpolitikk i dag å føra slik miljøfarleg forureining til norske fjordar. Slike giftstoff som omsøkt må lagrast og ikkje sleppast ut i naturen vår. Austrheim kommune viser elles til saksutgreiinga og vonar at ein rein og giftfri natur i fjordane våre er målet til Norge framover. Me viser elles til arbeidet med EU sitt Vassressursdirektiv som pågår i Norge.

Saksopplysninger:

TWMA Norge AS på Mongstad har søkt om endring i løyvet og eit utslepp av poly- og perfluorerte forbindelsar (PFAS) til Fensfjorden. Det årlege utsleppsgrensene for PFAS som det vert søkt om er 100 gram PFAS; 180 gram 6:2 FTS og 100 gram PFHpA til sjø, sum PFAS består av 18 forbindelsar som Miljødirektoratet har spesielt fokus på. Miljødirektoratet skriv at reinseanlegget har ein reinsegrad på 20-70prosent av PFAS. Høyringsfrist i kunngjeringa er sett til 22.10.2014.

Halliburton AS Mongstadbase har søkt om endring i løyvet og utslepp av perfluorerte forbindelsar i Fensfjorden. Dei har søkt om utslepp av 4 kg/år for sum av 18 perfluorerte forbindelsar. Bakgrunn for

at dei ynskjer endringa i løyvet er at verksemda mottak enkelte avfallsfraksjonar som inneheld perfluorerte forbindelsar. Høyringsfrist i kunngjeringa er sett til 13.10.2014.

Høyringa om denne utsleppsøknaden til Fensfjorden er berre vorte sendt til Lindås kommune og elles berre annonsert i pressa, me synes det er ein dårleg høyringsrutine at dei fire andre Fensfjordkommunane som Fedje, Gulen, Masfjorden og Austrheim ikkje får tilsendt slike høyringar som gjeld alle kommunane her i like stor grad. Høyringa frå TWMA Norge fekk me tilsendt på e-post den 29.09.2014. Dette er lenge etter annonsering i avisene og då Lindås kommune fekk den.

Poly- og perfluorerte forbindelsar (PFAS) er ei gruppe giftstoff som er svært lite nedbrytbare og dei vert oppkonsentrert i næringskjeda og kan gje skadelege effektar i miljøet. Dette står i annonsen til Miljødirektoratet for begge søknadane, det er dette direktoratet som er i Trondheim som handsamar utsleppsøknaden frå verksemdene.

Poly- og perfluorerte forbindelsar (PFAS) er kjent for å ha svært alvorlege helse- og miljøskadlege effektar. Alle normale oppegåande firma i dag prøver å ta desse miljøgifta ut av sin produksjon på grunn av redsel for kva konsekvensar det kan få økonomisk og juridisk på sikt å ha vore med på å sleppa ut slike giftstoff ut i naturen. Desse stoffa vert frakta med hav og luftstraumar over lange avstandar. Desse stoffa er kreftframkallande, reproduksjonskadelege og kan verka inn på arveeigenskapar. Desse stoffa er persistente, det betyr at dei ikkje forsvinn frå næringskjeda i naturen og kretsløpet der.

Vurdering:

Austrheim kommune har vurdert miljøaspektet og omdømme vårt i samanheng med Halliburton AS Mongstadbase og TWMA Norge AS på Mongstad sin søknad om utslepp av poly- og perfluorerte forbindelsar til Fensfjorden. Austrheim kommune må og vurdera denne søknaden opp mot andre søknader om auka utslepp til Fensfjorden i Mongstad-området som har koma i kjølevatnet frå andre verksemdar her dei siste åra. Omdømme til den største verksemda som ligg delvis i kommunen vår, Statoil Mongstad må og takast med i vurderingane våre. Alle verksemdene som er i dette industriområdet er avhengig av god mediaomtale miljømessig, dei samarbeider nært som både kundar og produsent av varer og tenester. Austrheim kommune synes at «føre var prinsippet» må vera utslagsgjevande i søknad om utslepp av poly- og perfluorerte forbindelsar. Dette må Miljødirektoratet ta inn over seg i i den vidare handsaminga av desse to søknadane.

Austrheim kommune vert bekymra når me ser at at to verksemdar uavhengig av kvarandre omkring Mongstad no søkjer utslepp av slikt avfall til Fensfjorden. Dette vil kunne skada regionen sitt omdømme og kan føra til at miljøet i fjorden vår på sikt vert skadelidande i generasjonar. Det at aukande mengder miljøgifter som poly- og perfluorerte forbindelsar kan koma ut i rene Fensfjorden er svært uheldig. Dette er og uheldig i forhold til EU sitt vassdirektiv, målet vårt som nasjon er å ta vare på fjordane våre eller arbeida for ein betre miljøtilstand i desse. EU sitt vassdirektiv er Norge forplikta til å følgja opp framover og det pågår eit stort arbeid i vår vassregion og i resten av landet for tida på dette området.

Austrheim kommune meiner at å spreie slikt avfall som omsøkt i 2014 på nye stadar og i ein rein fjord er uheldig både omdømme- og risikomessig. Difor bør Miljødirektoratet ikkje gjeva løyve til utslepp av slikt avfall til Fensfjorden. Det er nettopp innført forbod mot import og omsetning av produkt som inneheld PFOA, då kan me ikkje sleppa slike stoff ut i fjordane våre. Slike giftstoff som omsøkt må lagrast og ikkje sleppast ut i naturen vår.

Austrheim kommune fryktar og at det ikkje vert teke høgde for den totale belastninga for

Fensfjordområdet når Miljødirektoratet set utsleppsgrenser for kvar enkelt verksemd her. Miljøvernmyndighetene i Norge har i dag ikkje fullstendig oversikt over utslepp til sjø her ettersom kommunen veit at det er fleire bedrifter som har overskrida utsleppsløyva i Fensfjordbassenget. Kommunen vil og peike på aktiviteten som ulike verksemdar har i Sløvågen på andre sida av Fensfjorden.

Det er og mange brukarinteresser til Fensfjorden. Dette gjeld både fiske, oppdrett, turisme og friluftaktivitetar. I fleire stortingsmeldingar, mellom anna «**Stortingsmelding nr. 24**

(2000-2001) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand» er det slått fast at utslepp og bruk av enkelte miljøgifter som utgjer ein alvorleg trussel mot helse og miljø, skal stansast eller reduserast vesentleg.

Austrheim kommune forventar at miljøstyresmaktene følgjer opp denne stortingsmeldinga.

Austrheim kommune vil peika på at eit stoff vert rekna som miljøgift dersom det kan gjeva skadar sjølv når det er i låge konsentrasjonar eller i små mengder. Giftige tungmetaller og poly- og perfluorerte forbindelsar som vert tilført økosystema frå punktutslepp veit me i dag vil føra til at slike giftstoff kjem inn i næringskjeda i Fensfjordbassenget. Mange miljøgifter vert akkumulert i næringskjeden og vil påverka fiske- og dyreartane som står høgtast i kjeden sterkast. Nivået av miljøgift i lever hjå f.eks. kysttorsk er i mange tilfelle så høgt at den vert rådd frå som menneskemat. Det er viktig å peika på at eit stoff vert rekna som miljøgift dersom det kan gjeva skadar sjølv når det førekjem i låge konsentrasjonar eller i små mengder.

Stoffa PFAS; PFOS, PFOA, 6:2 FTS, perfluorerte forbindelsar, PAH, benzo(a)pyren, pyren, krysen, og dodecylfenol med isomere er alle miljøgifter som vil skada økosystema både lokalt, regionalt og globalt. Desse miljøgiftene vert akkumulert i næringskjedane og påverkar organismane som står øvst i kjeden sterkast. Det gjeld mellom anna menneske og artar som kval, fugl og fisk. Fiskeri og oppdrettsnæringa i og rundt Fensfjorden er også avhengig av et godt rykte for å få selt sin marine produkt framover. Utslepp av farleg avfall som poly- og perfluorerte forbindelsar m.m. som omsøkt vil kunne skada sterkt fiskeri- og havbruksnæringa regionalt og nasjonalt. Regionen har ein aktiv marin næring med mange matfiskkonsesjonar og med integrert produksjon, frå smolt til vidareforedling. Austrheim kommune vil og peika på at i Masfjorden som er ein del av Fensfjorden har Havforskningsinstituttet etablert ein stor marin forskingsstasjon med mange tilsette som er i verdsklasse kvalitetsmessig. Kvaliteten til fjorden må vera god for at dei tilsette her kan driva si verksemd på eit fagleg høgt nivå framover.

Innbyggjarane våre og hytteeigarar brukar og Fensfjordområdet aktivt til fiske og anna friluftsliv. Klagar på enkeltverksemdar i Fensfjorden i forhold til miljøutslepp har kome frå både hytteeigarar og fastbuende i området. Fensfjorden og områda rundt gjev flotte tilhøve for fiske, båtliv og andre friluftaktivitetar. Reiselivsnæringa i området er heilt avhengig av at området vert oppfatta som reint og forureiningsfritt for å kunne tiltrekka seg turistar. Undersøkingar viser at turistane har store forventningar til våre naturkvalitetar, kvalitetar som er knytt til sjø og vatn er dei viktigaste. Forureining er oppgjeve som noko av det mest negative for reiselivet. Sett i samanheng med satsinga på havsportsaktivitetar i Austrheim kommune vil aukande utslepp av miljøfarleg avfall som dette eller det folk flest opplever som farleg avfall til Fensfjorden vera uheldig både på kort og lang sikt. Innbyggjarane i regionen veit og at mange verksemdar som har utsleppsløyve har avvik frå lover og reglar, men og overskridingar av grenseverdiar for utslepp til luft og sjø. Ein del verksemdar i regionen har og hatt utilfredsstillande utsleppskontroll til sjø og manglande utført

miljørisikovurdering.

Totalt sett vil Austrheim kommune til slutt peika på at tilliten til det offentlege kontrollverket og private verksemder sine driftsrutinar når det gjeld handtering og lagring av farleg avfall ikkje er god. Austrheim kommune vil difor frarå på det sterkaste at Miljødirektoratet gjev løyve til utslepp som omsøkt av poly- og perfluoreerte forbindelsar til Fensfjorden til Halliburton AS Mongstadbase eller TWMA Norge AS på Mongstad.

Konklusjon:

Austrheim kommune ynskjer ikkje meir utslepp av poly- og /eller perfluoreerte forbindelsar i Fensfjorden. Austrheim kommune frarår på det sterkaste frå at Miljødirektoratet gjev Halliburton AS Mongstadbase eller TWMA Norge AS på Mongstad løyve til utslepp av desse miljøfarlege giftene i Fensfjorden. Austrheim kommune vil peika på at det vil vera i strid med både internasjonal og nasjonal miljøpolitikk i dag å føra slik miljøfarleg forureining til norske fjordar. Slike giftstoff som omsøkt må lagrast og ikkje sleppast ut i naturen vår. Austrheim kommune viser elles til saksutgreiinga og vonar at ein rein og giftfri natur i fjordane våre er målet til Norge framover. Me viser elles til arbeidet med EU sitt Vassressursdirektiv som pågår i Norge.



Adresseliste

Oslo, 29.09.2014

Dykkar ref.:
[Dykkar ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2013/3356

Sakshandsamar:
Olav Røhne

Høring av søknad om PFAS-utslepp frå TWMA Norge AS

Søknad frå TWMA Norge AS, Mongstad om endring av løyve til verksemd etter forureiningslova. Miljødirektoratet ber kommunen leggje søknaden ut til offentleg innsyn og om å uttale seg i saka.

Miljødirektoratet vil leggje ut ei kunngjering i avisene og på www.miljodirektoratet.no ein av dei nærmaste dagane. I kunngjeringa står det at søknaden er lagt ut til offentleg innsyn på servicetorget i Lindås kommune og på kommunen si nettside.

Vi ber dykk også om å uttale dykk og sende eventuelle merknader til søknaden til Miljødirektoratet innan fire veker.

Vi viser til den vedlagde søknaden og kunngjeringa. Kunngjeringa er sendt til Norsk lysingsblad og lokalavisene der saka vil bli kunngjort ein av dei nærmaste dagane. Saka leggjast også ut på Miljødirektoratet sin nettside. De kan også lese kunngjeringsteksten og laste ned saksdokumenta her: <http://www.miljodirektoratet.no/horing2013-3356-1>

Vi ber kommunen leggje eit eksemplar av kunngjeringa og saksdokumenta ut til offentleg innsyn på servicetorget i kommunen og om mogleg også på si eiga nettside. Saka skal liggje ute til offentleg innsyn i fire veker frå no av. Dokumenta kan makulerast etter at høyringsperioden er over.

Miljødirektoratet ber også om at kommunen uttaler seg til søknaden.

Vi ønskjer spesielt å vite om kommunen har informasjon om

- bedrifta sitt/sine utslepp kan gjere det vanskeleg å nå målet om god økologisk og god kjemisk tilstand i vassførekomsten, jf vassforskrifta § 4-6.
- bedrifta sitt/sine utslepp kan føre til overskriding av måla for luftkvalitet i området
- førekomsten av sårbare dyre- og plantearter i området, jf naturmangfoldlova § 8.
- andre planlagde aktivitetar som kan påverke økosystem i området, jf. naturmangfoldlova § 10.
- andre lokale forhold, knytt til helse og miljø, reguleringsplanar, interesser i området, naboar eller anna, som vi bør ta omsyn til når vi avgjer søknaden.

I høringa har vi bedt Fylkesmannen gi opplysningar om status for å lage tilstandsklassar og karakterisering av vassførekomsten.

Det nye kapittelet 15 A i forskrift om avgrensning av forureining, gir kommunen utvida myndigheit til å stille krav som gjeld påslepp på offentleg nett. Vi ber kommunen vurdere dette dersom det er aktuelt med eit slikt påslepp.

Av omsyn til saksbehandlinga, ber vi om at de uttalar dykk og sender oss eventuelle merknader til søknaden innan fire veker etter at de har motteke dette brevet.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend og har derfor ingen signatur

Ingvild Marthinsen
seksjonsleder

Olav Røhne
sjefingeniør

Vedlegg: Søknad og kunngjering

Fra: Olav Røhne <olav.rohne@miljodir.no>
Sendt: 29. september 2014 14:03
Til: Post Austrheim; Post Masfjorden kommune;
postmottak@gulen.kommune.no; Postmottak Lindås
Emne: Høring av søknad om PFAS-utslipp fra TWMA Norge AS
Vedlegg: Høring av søknad om PFAS-utslipp fra TWMA Norge AS.pdf; Søknad om
PFAS-utslipp fra TWMA Norge AS.PDF; Kunngjeringstekst for søknad om
PFAS-utslipp fra TWMA Norge AS.PDF

Vår ref. 2013/3356-66

Vedlagt følger brev fra Miljødirektoratet.

Brevet sendes elektronisk uten underskrift og skal betraktes som et originalt dokument. Papirdokument vil ikke bli ettersendt.

Vi ber om at offisielle svar og henvendelser til Miljødirektoratet gjøres til post@miljodir.no.

Med hilsen

Olav Røhne

sjefingeniør, industri- og havavdelingen



Miljødirektoratet

Telefon: 03400 / 73 58 05 00

Direkte: 97 77 25 55

E-post: olav.rohne@miljodir.no

www.miljodirektoratet.no - www.miljostatus.no

Til
Miljødirektoratet
Olav Røhne
Sjefsingeniør, Miljødirektoratet

30.06.2014

Twma Norge AS søker med dette om utslipp av PFC forbindelser på Mongstad

Innledning

Twma Norge ble pålagt av Miljødirektoratet pr brev om søknad om utslipp av per- og polyfluerte forbindelser innen 11.04.14.

Bedriftsdata

Bedrift TWMA Norge AS avd. Mongstad
Beliggenhet/gateadresse Mongstad Base
Postadresse 5954 Lindås
Kommune og fylke Lindås, Hordaland
Org. nummer (bedrift) 991 616 969
Gårds- og bruksnummer Bnr. 921
NACE-kode og bransje 38.220 Disponering og gjenvinning av farlig avfall
NOSE-kode(r) 109.07 Fysisk-kjemisk og biologisk avfallsbehandling
Kategori for virksomheten 15.1 Anlegg for disponering eller gjenvinning av farlig avfall

Twma Norge er ett behandlingsanlegg som i all hovedsak behandler oljeholdig avfall fra boreoperasjoner offshore. Det er gjort screen av avfallet og etter våre erfaringer så finnes disse stoffene både i kaks og slop vi mottar. Det er i dag ikke tester som er mulig og ta av råstoffet som kommer inn da prøvemethodene ikke aksepterer oljeinnhold i prøvene som sendes inn.

TWMA Norge mottar følgen avfallstyper:

Avfallsstoffnummer Avfallstype

7021 Olje- og fettavfall
7022 Oljeforurensset masse
7023 Drivstoff og fyringsolje
7030 Oljeemulsjoner
7031 Oljeholdige emulsjoner fra boredekk
7142 Oljebasert borevæske
7143 Kaks med oljebasert borevæske (inkludert slurrifisert kaks)
7144 Vannbasert borevæske som inneholder farlige stoffer
7145 Kaks med vannbasert borevæske som inneholder farlige stoffer
7165 Prosessvann, vaskevann

TWMA har tillatelse til å motta, lagre og behandle inntil 75 000 tonn med boreavfall per kalenderår.

TWMA har per i dag 2 TCC RotoMill enheter som behandler boreavfall (slop og borekaks) Biologisk renseanlegg og en dekanter som behandler slop.

Kort beskrivelse av TCC teknologien

Den viktigste forskjell mellom TCC teknologien og andre tilgjengelige termiske teknologier, er måten varmen/energien tilføres avfallet.


Den fremgangsmåte som benyttes i andre teknologier er indirekte oppvarming av avfallet ved tradisjonell varmeoverføring. I de andre teknologier varmes det opp et medium (for eksempel hetolje) som så kommer i indirekte kontakt med avfallet gjennom varme overflater. Slik indirekte oppvarming nødvendiggjør at oppvarmings mediet er varmere enn det som skal varmes opp. Ettersom fordampningstemperaturen for typisk baseolje er i området 260 - 300 grader celsius, innebærer dette at det må anvendes et oppvarmingsmedium som kan varmes opp til en temperatur som er høyere enn 300 grader. Jo større temperatur forskjellen er jo større blir varmeoverføringen. Men andre problemer oppstår dersom oppvarmingsmediet er svært varmt. Blant annet derfor, utnytter de alternative teknologier svært store varmeoverføringsflater.

Også TCC teknologien er avhengig av varmeoverføring. I TCC skjer imidlertid varmeoverføringen på en, prinsipielt sett, helt annerledes måte. Kjernen i TCC utstyret er reaksjonskammeret. Dette kammeret består av en lukket sylinder, med en gjennomgående aksling som er påmontert en serie slagarmene. Akslingen er koblet til en motor som sørger for rotasjon av akslingen med slagarmene. Denne rotasjonen medfører at tørrstoffet i avfallet presses ut til innsidene på sylinderen. Slagarmene slår da mot tørrstoffet, og skaper friksjonsvarme, dels ved kollisjon mellom slagarmene og tørrstoffpartiklene, men primært ved kollisjon mellom tørrstoffpartiklene. Det er med andre ord en av bestanddelene i avfallet som benyttes som oppvarmingsmedium. Dette har en rekke konsekvenser som vil bli berørt under. En vesentlig kommersiell fordel er at utstyret tar vesentlig mindre plass en konkurrerende teknologier.

Den varme som oppstår i tørrstoffet, overføres svært effektivt til væskene i avfallsmassen.

Dette har sammenheng med at den totale overflate på tørrstoffpartiklene er svært stor. Ettersom operasjonstemperaturen er høyere enn fordampningstemperaturen for oljen, fordamper dermed væskene umiddelbart. Fordi avfallet har en kort oppholdstid i enheten, blir ikke bestanddelene i avfallet ødelagt. Dette gjelder både oljen og tørrstoffet. Dette har direkte betydning for muligheten for gjenbruk av oljen og utnyttelsen av faststoffet. I konkurrerende teknologier ("disc driers" og "rotary kilns") er oppholdstiden lengre og operasjonstemperaturen høyere, hvilket gjør at oljen blir forringet og at tørrstoffet kan ha koksrester som begrenser utnyttelsesmulighetene vesentlig.

Vann og oljedampen ledes ut av reaksjonskammeret mot et kondenserings system hvor olje og vann kondenseres ned hver for seg. Tørrstoffet mates kontrollert ut av reaktoren etter hvert som avfallet tørkes. Reaktoren holdes konstant på ca 270 grader celsius. Prosessen kan opereres døgkontinuerlig og helautomatisk.



Prinsippskisse for reaktoren

Behandling av avfall

TWMA har to TCC RotoMill enheter og en dekanter som utgjør behandlingskapasiteten ved anlegget.

Den ene TCCen er drevet av en 500 kW elektromotor og den andre TCCen er drevet en 630 kW elektromotor.

Maskinene har separate fødesystemer, men prinsippet vil være det samme for begge systemene. Fødesystemet til TCC maskinene, er bygd opp slik at slop og kaks kan mikses før innmating. I noen tilfeller mottar TWMA kaks som inneholder så lite olje og vann, at det er vanskelig å pumpe føden inn i maskinen. I slike tilfeller er det nødvendig å mikse kaksen med slop før det pumpes inn i maskinene. Dette gjelder i de tilfeller hvor det ikke planlegges gjenbruk av olje eller tørrstoff. Dersom kaksen skal behandles med tanke på gjenbruk av olje og tørrstoff, må denne mikses med gjenvunnet baseolje fra samme kunde, for å gjøre den pumpbar. Da unngås samtidig forurensing av føden, slik at TWMA kan være sikker på at oljen kan gjenbrukes.

Borekaks lagres i opp til 10 forskjellige lager kar i produksjonshallen, på tilsammen 1250 m³.

Dekanter

TWMA har også behandling av slop/slopvann gjennom en dekanter. Vi bruker varme fra TCC Rotomill til og forvarme slop til ønsket temperatur før vi tilsetter emulsjonsbrytere. Dekanteren bruker g krefter for og skille flytende og partikler. Med dette oppnår vi en splitt av vann som går til egen tank. Vannet blir rensert i biologisk renseprosess. Olje og slamfasen går til termisk behandling i TCC Rotomill. Med økt bruk av dekanter får vi mer vann ut fra slop/ slopvann som igjen er en fordel da dette skal behandles i TCC Rotomill da Vann er energi krevende og behandle med varme.

Sluttprodukter

Tørrstoff: Gjenbruk vil ha en stor miljømessig fordel fremfor deponering av tørrstoff. TWMA har ulike prosjekter hvor en ønsker å utnytte tørrstoffet som et produkt, og det arbeides med dokumentasjon rundt tørrstoffet generelt og kartlegging av bruksområder. For å kunne gjenbruke tørrstoffet fra TCC maskinene, er det innført prosedyrer som sikrer at TWMA har god kontroll på kvaliteten av tørrstoffet som produseres.

Fra prosesskammeret, mates tørrstoff ut ved hjelp av en transportskrue. For å hindre støvproblemer i forbindelse med utmating, blir tørrstoffet befuktet med ferskvann før det slippes ned i en åpen container. Denne er plassert inne i et eget telt, for igjen å hindre støvforurensing. Tørrstoffet vil typisk inneholde mellom 10-15 vekt % vann etter befuktning. Befuktning er også nødvendig for å kunne transportere tørrstoffet.

Det gjøres eksterne analyser av tørrstoffet for å ha kontroll på blant annet olje og tungmetallnivået i tørrstoffet. Samt analyser i henhold til avfallsforskriften.

olje

TCC teknologien har den egenskapen at det er mulig å gjenbruke produsert olje som baseolje.

I de tilfeller hvor TWMA behandler avfall hvor det er knyttet usikkerhet til kvaliteten på baseoljen i avfallet, vil ikke dette avfallet bli behandlet med tanke på gjenbruk av olje som ny baseolje. Denne oljen blir da solgt som fyringsolje.

Før oljen godkjennes for gjenbruk, sendes det en prøve til mudselskapet, som gjennomfører de analyser de anser som nødvendig for å vurdere oljen. Dersom denne godkjennes, blir oljen levert for bruk i ny mud. Gjenbruk av olje som ny baseolje avtales med kunden før avfallet mottas. Dette er nødvendig for å sikre at man ikke mikser avfall med forskjellige typer baseolje.

TWMA har utviklet en spesifisering på oljen som selges som fyringsolje. Det er også utarbeidet et sikkerhetsdatablad og oljen er også registrert i produktregisteret. All olje blir i dag solgt som produkt og er tilgjengelig på det åpne marked for alle.

Vann

Store deler av vårt vann blir rensed med kjemisk felling og Biologisk renseanlegg. I den grad vi har overskuddsvann vil dette bli levert Halliburton Mongstad for behandling med Biologisk rensing. Vann fra slop anlegget og TCC produsert vann blir ført til en stor tank "midlingstank" før vann blir tatt ut i batcher 50m³ til Kjemisk felling dette tar ut tungmetaller, olje og partikler før vannet blir ført til fødetank Biologisk anlegg, vannet føres så inn 3 Biologiske rensedtanker som er seriekoblet. Vann har så den oppholdstid den trenger ut fra gitte parameter før den slippes ut. Vi har kontinuerlig overvåking av TOC innhold i vann. Prøves tas og analyseres hvert 30 min.

Alt slam fra Kjemisk felling og Biorensing blir ført tilbake til slop systemet eller termisk behandling. TWMA Norge har i dag ett utslipp som er betydelig mindre enn rammene i tillatelsen og vi jobber aktivt med og bedre resultatene. Vi som en miljøbedrift har som en langsiktig plan intensjon om å søke miljødirektoratet om innskrenking av vår egen tillatelse dette gjelder spesielt for TOC utslipp. Renseeffekten er noe varierende på de forskjellige per-flouerte stoffene og dette varierer mellom 20-70%. Vi kan ikke si noe med 100% sannsynelig hvor god denne er da vannet blir blandet med vannet som ligger i bio reaktorene da det er kontinuerlig tilføring av vann i en gitt mengde ut fra satte driftsparameter. Det kan være en driftsfortynning fra vann målt inn til bio og vann ut fra bio til utslipp siden det hele tiden er nivå av vann i det biologiske anlegget. Denne feilmarginen blir større jo større anlegget er. Vårt anlegg er lite i forhold til mange aktører i samme bransje. Pr dags dato har den maks utslipp av 2M³ i timen normal fart ligger på 1,2-1,5 m³ i timen, andre operere med mellom 10-20m³ i timen.

Utslipp til luft:

Alle gasser fra TCC produksjon blir brent ved 900 grader og dermed er også forbindelsene brent før utslipp.

Mottakskontroll:

Når avfall kommer til oss har vi interne mottakskontroller, dette inkluderer Gasstesting før under og etter mottak av flytende avfall. Det blir gjort en analyse av avfallet som forteller oss fordelingen av olje, vann og tørrstoff. Alt dette blir lagret i mottakslogg. Avfallet blir sjekket opp mot deklarasjon. Avvik blir behandlet fortløpende og deklarasjoner rettet. Det er i dag ikke mulig og utføre analyser av slop og kaks opp mot PFOS og PFAS da analysemetoder ikke kan gjøres i oljeholdig avfall. Kaks har samme mottakskontroll, her har vi daglige analyser av kaks om hva den inneholder av olje vann og tørrstoff. Disse lagres internt i produksjonslogg. Mottakskontroll av PFOS og PFAS i ikke mulig i skrivende stund da det ikke er utarbeidet analysemetoder for og kunne fastslå verdier i oljeholdig avfall.

Vi tester vannfraksjoner tatt ut fra Slop og TCC behandling før biologisk rensing samt etter biologisk rensing for PFOS og PFAS.

Tørrstoff blir reglemessig analysert for innhold internt og månedlig analysert akkreditert i henhold til avfallsforskriften. årlig sendes en samleprøve inn for karakterstikk av tørrstoffet (kolonne og ristetest.) Vi jobber med laboratoriet for og kunne ta PFOS og PFAS prøver av dette. Pr nå har vi ikke lykkes i og ta slike analyser da metodene ikke er utviklet.

TWMA Norge har konsesjon til utslipp av 75 000 tonn, vi gjør oppmerksom på at dette er mottaks begrensning av avfall og vi behandler i hovedsak kaks som består av i snitt 20-25% vann resten er fordelt på olje og tørrstoff der tørrstoffet er 60-70 vekt prosent. Så vår bedrift vil aldri slippe ut 75 000 tonn vann.

konsentrasjonsgrenser vi søker om utslipp av:

TWMA Norge har laget en modell som viser ett estimert utslipp ut fra de prøvene vi har tatt over noen mnd. Vi legger til grunne i vår søknad om utslipp ut fra høyst målt konsentrasjon og utslippstillatelsene begrensninger til utslipp til sjø. Som er 3000 liter i timen og maks 27 000 m3 i året. (Tillatelse nr. 2013.399.T.)

ELEMENT	Høyest verdi i ng/l målt inn til biologisk rensing	Konsentrasjonsgrense pr døgn utslipp		g utslipp/pr år
FTS-6:2	280	150	ng/l	180g
Sum 14 PFC forbindelser iht Miljødirektoratets liste uten PFHpA	87	90	ng/l	100g
PFHpA	59	60	ng/l	100g

Dette kommer i tillegg til eksisterende utslippsbegrensninger omhandlet i vår tillatelse (Tillatelse nr. 2013.399.T.)

Utslipp av slike forbindelser er ført inn i Måleprogrammet for TWMA Norge. Ingen Kjemikalier brukt hos TWMA Norge kan spore per- og polyfluorerte forbindelser. Vi bruker ECO online sitt system for substitusjon og risikovurderinger av kjemikalier.

Resipient:

Twma Norge har utslippspunkt til Fensfjorden sør.

Bløtbunnsfaunaen var rik og mangfoldig ved Mongstadbase nord og sør, og alle stasjoner falt innunder SFTs tilstandsklasse I = "meget god". Det var ingen tydelig påvirkning fra organiske tilførsler, og faunaen besto av arter en stort sett finner i upåvirkede eller lite belastede resipienter. Denne undersøkelsen indikerer at sedimentet i sjøområdene utenfor Mongstadbase AS er lite forurenset av tungmetaller og organiske miljøgifter, bortsett fra barium, som ikke står på SFT sin prioriteringsliste.

Vurdert i samsvar med EU sitt vanndirektiv, vil den økologiske statusen til de undersøkte sjøområdene nær og ved utslippene utenfor Mongstadbasen i 2009 ha minst "**god økologisk status**",

og det vil dermed ikke pålegge "problemeier" behov og ansvar for opprydding og tilbakeføring av resipienten sin miljøtilstand til "minst god økologisk status" innen år 2015.

Resipientundersøkelsen viser at det er rom for økte utslippsrammer i sjøområdet utenfor Mongstadbasen.

Vår vurdering:

vann fra TWMA Norge går per i dag via kommunalt spillvannnett ut til Fensfjorden. TWMA jobber med mongstadbase om nytt eget utslippspunkt.

Naturmangfoldloven sier at «mangfoldet av naturtyper skal ivaretas innenfor utbredelsesområde og med det arts mangfoldet og de økologiske prosessene som kjennetegner den enkelte naturtype». Det finnes ikke kjente yngleområder for sjøfugl eller andre arter i området rundt utslippspunktet

Utslipp til luft PFOS har et damptrykk på 1.9×10^{-9} - 3.3×10^{-9} Pa og anses ikke som flyktig [Busch, 2009]. Det er ikke funnet noe tall på damptrykket til FTS-6:2. PFOS og FTS-6:2 er begge sulfonat med en kjedelengde på 8 karbonatom. Forskjellen er at FTS-6:2 ikke er mettet med fluor på de to karbonatom. Det kan være rimelig å anta at damptrykket til FTS-6:2 er sammenlignbart med PFOS. Det antas at FTS-6:2 i utslipp til vann ikke medfører utslipp til luft

Perfluorerte forbindelser inneholder grunnstoffene fluor og karbon. Disse stoffene brytes veldig sakte ned og hopper seg opp i miljøet. Noen er giftige, og noen lagres i fettvev hos mennesker og dyr. Perfluorerte stoffer er utbredt i norsk natur, og vi kan eksponeres for dem gjennom produkter og via miljøet, gjennom inntak av forurenset drikkevann og mat. Man vet fortsatt ikke så mye om effektene av alle de ulike perfluorerte forbindelsene, og myndighetene og forskningsmiljøer arbeider for å øke kunnskapen om dem.

Perfluorerte stoffer har vært brukt i industri- og forbrukerprodukter siden 1950-tallet. Stoffene har gode overflateegenskaper og kan danne tynne hinner som for eksempel hindrer spredning av brann og avdamping av flyktige forbindelser. De kan også gjøre produkter vann- og smussavstøtende. Stoffene brukes derfor blant annet i brannslukningsmidler og skismøring og som tekstilimpregnering og slipp-belegg i kjeler og stekepanner.

Vi vet mest om verstingstoffene PFOS og PFOA som er giftige, brytes sakte ned og hopper seg opp i miljøet, og kan spres globalt. PFOS og PFOA er satt opp på myndighetenes liste over prioriterte stoffer der utslippene skal stanses eller reduseres vesentlig innen 2020.

REF: er det farlig.no

TWMA Norge AS
Mongstad Sør
N-5954 Mongstad, Norway

Phone: +47 56 34 31 30
Fax: +47 56 34 31 31
e-mail: twmanorge@twma.co.uk

NO 991 616 969

Fluortelomersulfonater (FTS)

Fysisk kjemiske egenskaper

Fluortelomersulfonater er overflateaktive forbindelser. Brukes i brannslukkingsmidler, rengjøringsprodukter og til overflatebehandling.

Bruksområder og kilder

Fluortelomersulfonater brukes for å redusere overflatespenningen i brannslukkings-skum (Brunn Poulsen et al. 2005) og i rengjøringsprodukter.

Miljøegenskaper

Forsøk med biologisk nedbrytning av 6:2 FTS har vist dannelse av seks, ikke svovelholdige, flyktige forbindelser (Key et al. 1998 i Schultz et al . 2003). Ved studier med rotte har man funnet at alkylsubstituentene metaboliseres in vivo til stabileperfluorerte produkter. (Schultz et al. 2003).

Perfluoralkylsulfonamid er ikke lett nedbrytbart, men biologisk nedbrytning er blitt påvist. I et nedbrytningsforsøk med aktivt slam ble 10 % av FOSA fjernet i løpet av 18 døgn. (Lange 2001 i Schultz et al. 2003). Studier av metabolisme av N-EtFOSA (N-etylperfluorooktansulfonamid) i fisk viser at det skjer metabolisering til PFOS (Tomy et al. 2004), Biotransformasjonen er avhengig av NADPH og er trolig mediert av fase 1, CYP-systemet. (Gregg et al. 2004). På grunnlag av målinger i biota etter et utslipp av brannslukkingsvæske er biokonsentrasjonsfaktorer (BCF) for etylestrene N-EtFOSEA og N-MeFOSEA beregnet til hhv. 5543 og 26000 (Environment Canada 2006).

De fleste undersøkelser tyder på at toksisiteten av perfluorerte alkylerte stoffer (PFAS) ved eksponering via vann er lav til moderat. Likevel kan miljøeffekter oppstå av de forbindelser som er persistente og biokonsentreres i organismer og akkumuleres i næringskjeder. PFOS og langkjedede (C>8) PFCA har slike egenskaper. I motsetning til de fleste andre kjente organiske miljøgifter som akkumuleres i fettvev bindes PFAS hovedsakelig til proteiner og akkumuleres i lever og blod. Flere langkjedede perfluorerte stoffer som fluortelomeralkoholer o fluortelomersulfonater o kan brytes ned til PFOS og PFOA og utgjør derfor en indirekte miljøfare. Disse forbindelsene er dessuten mer flyktige enn PFOS og PFAS og kan spres ved atomsfærisk langtransport. For alle de undersøkte gruppene av PFAS gjelder at bioakkumulerbarheten minker med lengden av karbonkjeden. Erstatningen av langkjedede PFAS med mer kortkjedede varianter bør derfor medføre en redusert miljøfare. PFAS er imidlertid generelt stabile og utstrakt bruk av slike stoffer vil føre til gradvis økede konsentrasjoner i miljøet. Det meste av tilgjengelige data tyder på at toksisiteten av disse forbindelsene er lav. Noen unntak viser imidlertid at spesifikke effekter kan oppstå ved lave konsentrasjoner av PFAS. Det gjelder for eksempel for PFOS

REF: NIVA Litteraturstudie miljørisiko ved perfluorerte alkylstoffer TA-2267/2007

Det er 2 aktør til som slipper ut i resipient Halliburton og Mongstadbase. Halliburton søker konsesjon for utslipp av slike forbindelser, videre har Baker Hughes og Schlumberger også utslippspunkt her men disse bruker de ikke. Siden undersøkelsen i 2009 har God Økologisk status og våre utslipp er beskjedene til resipient, i 2013 hadde vi litt i overkant av 8000M3 rensert vann til sjø. Det ble ikke funnet Forbindelser i alle fraksjoner men i noen. Resipienten er stor og har god vannutskifting. Miljøpåvirkningen TWMA har på resipient skal være av liten betydning.

Videre er det flere i en større omkrets mer en 2km som slipper ut rensert vann, Norsk gjenvinning, og Wergeland Halsvik. Disse ligger ett godt stykke fra oss og fjorden er stor. Vi har ikke funnet data hvor det er kartlagt resipient undersøkelse fra disse aktørene. Videre har Statoil utslipp i resipient men dette er noe lengre fra oss og er ikke med her.

TWMA Norge har konsesjon til utslipp av 75 000 tonn, vi gjør oppmerksom på at dette er mottaks begrensning av avfall og vi behandler i hovedsak kaks som består av i snitt 20-25% vann resten er fordelt på olje og tørrstoff der tørrstoffet er 60-70 vekt prosent. Så vår bedrift vil aldri slippe ut 75 000 tonn vann.

Forbindelser er funnet i hovedsak i slop, i teorien skal ikke disse forbindelser finnes i slop men det er kjent at offshore spyler brannskum etter øvelser i slop tankene sine og sender dette til land tankene er da forurenset med disse forbindelsene og spres til alt avfallet som havner i disse tankene. Tankene blir ikke rengjort etter hver levering offshore. Dette gjør at forbindelser spres i hele linjen der avfall kommer inn fra offshore. Samme prinsippet gjelder vårt land anlegg. Videre blander vi forskjellige typer slop og behandler dette så vi får det beste produksjons bilde. Da noen typer ikke lar seg behandle alene, dette går på produksjonseffektivitet og lønnsomhet. Noe som igjen fører til at forbindelsene er og finne i vårt avfall også. Det er ikke funnet høye verdier hos oss men de er der. Det er også kjent at slike forbindelser eksistere i Maling offshore og at slikt materialet blir spylt ned i slop tanker etter sandblåsing av rigg. Videre er det også en mulighet at noen av disse stoffene er tilsatt smørefett og andre smøreoljer.

TWMA Norge ønsker i hovedsak ikke å ta i mot slikt avfall men pr dags dato finnes det ikke analysemetoder som kan fastslå slike forbindelser i oljeholdig avfall. Videre må Miljødirektoratet finne løsninger, det kan være at slike forbindelser burde deklarerer inn slik at aktører som ikke har tillatelse til og ta i mot slikt avfall slipper dette i fremtiden.

Nordiskvannteknikk eier i dag vårt renseanlegg. Vi er i kontakt med disse og de har flere alternativer og forslag til bruk som renser slike forbindelser. Disse vil bli installert så snart utstyr er tilgjengelig. De løsningene vi ser på er ett filter medium med leire og aktivt kull som alt vann skal gå igjennom dette skal i følge leverandøren ta det meste av slike forbindelser. Leverandøren har meget gode erfaringer med denne type medium til rensing av slike forbindelser. Vi vil jobbe aktivt til vi har funnet en tilfredsstillende løsning på rensemetode/ etterbehandling som reduserer våre utslipp av disse stoffene. Vannrenseanlegget har til nå vist at det er meget effektivt med særdeles lave utslipp. Og meget gode resultater på rense effekten.

Dette er funnet i vårt avfall:

Det er kun vist forbindelser som er over deteksjonsgrense i denne fremstilling. Foruten bio slam.

ELEMENT	SAMPLE	Bio vann rensert Slop	Tcc- prosessvann Sloppvann	Slop- prosessvann Sloppvann	
FTS-6:2	ng/l	230	40	320	


ELEMENT	SAMPLE	Tcc-prosessvann kaks	Slop-prosessvann Slopvann
FTS-6:2	ng/l	20	19
PFBA	ng/l	99	
PFHxA	ng/l		25
PFHpA	ng/l	16	

ELEMENT	SAMPLE	Bio vann rensset Prosessvann
FTS-6:2	ng/l	280

ELEMENT	SAMPLE	Bio vann rensset Vann biolog.rensseanlegg	Slopvann Slopvann
FTS-6:2	ng/l	280	89
PFBA	ng/l	87	93
PFHpA	ng/l	59	

ELEMENT	SAMPLE	Bio slam Slam
Tørrstoff (G)	%	5
FTS-6:2	µg/kg TS	<10
PFHxS	µg/kg TS	<10
PFOS	µg/kg TS	<10
PFBA	µg/kg TS	<10
PFPeA	µg/kg TS	<10
PFHxA	µg/kg TS	<10
PFHpA	µg/kg TS	<10
PFOA	µg/kg TS	<10
PFNA	µg/kg TS	<10
PFDA	µg/kg TS	<10
PFUnDA	µg/kg TS	<10
PFDODA	µg/kg TS	<10
PFTTrA	µg/kg TS	<25
PFTeA	µg/kg TS	<25
N-Et FOSA	µg/kg TS	<50
N-Me FOSA	µg/kg TS	<50
N-Et FOSE	µg/kg TS	<25
N-Me FOSE	µg/kg TS	<25

Utslippspunkt:





REF: Rådgivende biologer resipientundersøkelse mongstadbase 2009

Vennlighilsen

Erik Brohjem
Manager Twma Norge AS

TWMA Norge AS
Mongstad Sør
N-5954 Mongstad, Norway

Phone: +47 56 34 31 30
Fax: +47 56 34 31 31
e-mail: twmanorge@twma.co.uk

NO 991 616 969



Kunngjøring

TWMA Mongstad søker om utsepp av poly- og perfluorerte forbindelsar (PFAS).

TWMA Norge AS på Mongstad har i dag løyve til behandling av farleg avfall med følgjande utsepp til Fensfjorden. Bedrifta søker om ei endring i løyvet og eit utsepp av poly- og perfluorerte forbindelsar (PFAS) til Fensfjorden.

Enkelte avfallsfraksjonar som verksemda mottok inneheld PFAS. Dette er ei gruppe forbindelsar som er svært lite nedbrytbare, blir oppkonsentrert i næringskjeda og kan gi skadelege effektar i miljøet.

Reinseanlegget til TWMA, Mongstad er utstyrd med reinsetrinn for kjemisk og biologisk reinsing. Reinseanlegget har ein reinsegrad på 20-70 prosent for PFAS.

Dei årlege utseppsgrensene for PFAS som det blir søkt om, er 100 gram sum PFAS, 180 gram 6:2 FTS og 100 gram PFHpA til vatn. Sum PFAS består av 15 forbindelsar som Miljødirektoratet har eit spesielt fokus på.

Saksdokumenta og skjema for å gi elektronisk tilbakemelding finn du på <http://www.miljodirektoratet.no/horing2013-3356-1>.

Det er også mogeleg å sende inn høyringskommentarar skriftleg til Miljødirektoratet, Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim.


Søknad frå bedrifta med relevante dokument er også lagd ut til offentleg innsyn på servicetorget i Lindås kommune og på kommunen si nettside.

Vi ber om eventuelle fråsegner til søknaden innan 22. oktober 2014.

Norsk Lysingsblad
Strilen
Nordhordland

80x181 mm (M32B)
4F

10340 MT
1 korr BCT
2 korr BCT



Kunngjøring

Halliburton AS Mongstadbase søker om utslepp av perfluoreerte forbindelsar

Halliburton AS Mongstadbase i Lindås kommune i Nordhordaland er eit anlegg for mottak og behandling av farleg avfall. Bedrifta mottar og behandlar farleg avfall frå oljeboring. Dette er hovudsakleg boreslam, borekaks, slop og vaskevatt.

Bedrifta søker om ei endring i løyvet. Bakgrunnen for dette er at enkelte avfallsfraksjonar bedrifta mottar inneheld perfluoreerte forbindelsar. Dette er ei gruppe forbindelsar som blir brote svært sakte ned, dei blir konsentrert opp i næringskjeda og kan gi skadelige effektar i miljøet.

Halliburton søker om utslepp av perfluoreerte forbindelsar til Fensfjorden. Hydrokarbon-/kjemikalieholdig avfallsvatt blir på anlegget til Halliburton behandla i fellingsanlegg og dekantere for avvatning. Dette vatnet går vidare til biologisk reinseanlegg. Halliburton søker om utslepp av 4 kg/år for sum av 18 perfluoreerte forbindelsar.

Søknaden frå Halliburton er lagt ut til offentleg innsyn på servicetorget i Lindås kommune og på nettsida til kommunen. Relevante dokument og skjema for å gi elektronisk tilbakemelding er lagt ut på <http://www.miljodirektoratet.no/horing2013-4281>. Det er også moglig å sende inn kommentarar skriftleg til Miljødirektoratet, Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim. Merk brevet med 2013/4281.

Frist for å gi tilbakemelding er 13. oktober 2014.



Kunngjøring

TWMA Mongstad søker om utslepp av poly- og perfluorerte forbindelsar (PFAS).

TWMA Norge AS på Mongstad har i dag løyve til behandling av farleg avfall med følgjande utslepp til Fensfjorden. Bedrifta søker om ei endring i løyvet og eit utslepp av poly- og perfluorerte forbindelsar (PFAS) til Fensfjorden.

Enkelte avfallsfraksjonar som verksemda mottek inneheld PFAS. Dette er ei gruppe forbindelsar som er svært lite nedbrytbare, blir oppkonsentrert i næringskjeda og kan gi skadelege effektar i miljøet.

Reinseanlegget til TWMA, Mongstad er utstyrt med reinsetrinn for kjemisk og biologisk reinsing. Reinseanlegget har ein reinsegrad på 20-70 prosent for PFAS.

Dei årlege utsleppsgrensene for PFAS som det blir søkt om, er 100 gram sum PFAS, 180 gram 6:2 FTS og 100 gram PFHpA til vatn. Sum PFAS består av 15 forbindelsar som Miljødirektoratet har eit spesielt fokus på.

Saksdokumenta og skjema for å gi elektronisk tilbakemelding finn du på <http://www.miljodirektoratet.no/horing2013-3356-1>.

Det er også mogeleg å sende inn høyringskommentarar skriftleg til Miljødirektoratet, Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim.

Søknad frå bedrifta med relevante dokument er også lagd ut til offentleg innsyn på servicetorget i Lindås kommune og på kommunen si nettside.

Vi ber om eventuelle fråsegner til søknaden innan 22. oktober 2014.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
007/14	Administrasjonsutval	PS	08.10.2014
216/14	Formannskapet	PS	08.10.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FE - 404, HistSak - 13/694	14/1352

Grønt arbeid - evaluering av prosjektet og oppretting av stilling

Vedlegg:

Evaluering av et år med Grønt arbeid
Rekneskap

Framlegg til vedtak:

1. Det er ei målsetjing å oppretta Grønt arbeid som eit fast tiltak. I samband med budsjettet for 2015 vert tiltaket forsøkt innarbeidd i budsjettet.
2. Det vert løyva 40 000 frå disposisjonsfondet til å vidareføra prosjektet til og med 31.01.2015.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

I sak 171/13 gjorde formannskapet vedtak om at ordninga med «Grønt arbeid,» var starta opp som eit lågterksletilbod. Vedtaket vart gjort i møte 18.09.2014 og lydde slik:

FS-171/13 Vedtak:

Stillinga er ei prosjektstilling for inntil 12 månader i første omgang. Ordninga skal evaluerast i løpet av perioden.

Rådmannen får fullmakt til å setja i gang arbeidet i 2013 innanfor ei kostnadsramme på 90 000. Tiltaket vert innarbeidd i budsjett og økonomiplan i budsjettarbeidet haust 2013. Midlane for 2013 vert henta frå disposisjonsfondet.

Grønt arbeid starta opp 02.12.2013., prosjektleiaren si tilsetjing går ut 30.11.14. Intensjonen med

tiltaket er å tilby arbeidstrening for unge arbeidslause som vilkår for at dei kan få utbetalt sosialstønad. I tillegg er det ein del av introduksjonsprogrammet for flyktningar.

I saksframlegget var dette omtala slik:

Nav grunnjev tiltaket mellom anna slik: Det er eit lågterskeltilbod for å gi arbeidsrelatert aktivitet saman med oppbygging av motivasjon, haldningar og rutiner. Nav vektlegg at det kan utførast arbeid for kommunen, ALL og arbeid på sansehagen ved Nordliheimen.

Rådmannen ser det som viktig å oppretta dette tilbodet for å sysselsetja unge som ikkje er kome inn på arbeidsmarknaden. I tillegg er dette ein aktivitet vi treng å ha klar når flyktningane kjem i haust.

Med eit slikt tilbod, kan kommunen stilla krav om sysselsetjing, jamfør § 20 i Lov om sosiale tenester i Nav. Erfaring frå førre prosjektperiode, viste at med å stilla slike vilkår for sosialhjelp, lukkast ein lettare å få personane i lønna arbeid eller over på meir varige ytingar frå folketrygda.

Det er tilsett prosjektleiar som har vore i arbeid frå 02.12.13. Vedkomande sin kontrakt går ut pr. 30.11.14

Det har heile tida vore personar inne i tiltaket. Grønt arbeid har gitt arbeidstrening for 8 personar til no.

Vurdering

Då prosjektet vart starta opp, var målsetjinga å følgja opp arbeidslaus ungdom, «drop-outs», med arbeidstrening for å støtta opp for vidare arbeid eller skulegang. I tillegg er flyktningar ei av målgruppe for tiltaket. Tilbakemeldingane frå brukarane er at dei har likt tiltaket. Arbeidsleiar seier han har merka stigning hos dei som har vore innom og fleire har no tatt i mot skuleplass. Grønt arbeid oppfyller såleis noko av si målsetjing.

Kommunen har ei plikt til å yta stønad til livsopphald etter Lov om sosiale tenester Nav § 18, men også ein rett til å stilla krav utifrå § 20. Dette er det som gjer at vi kan stilla krav om arbeidsyting for å utbetala sosialstønaden.

I tillegg har ein altså lagt tiltaket inn som ein del av introduksjonsprogrammet for flyktningar. Austrheim kommune skal ta imot flyktningar i åra som kjem, derfor bør dette tiltaket bli eit fast tilbod.

Økonomi

Pr. 23.09.2014 ser rekneskapet 2014 for Grønt arbeid slik ut.

Utgifter

Lønn, telefon, reiser

249 000

Inntekter		
Sal av tenester		85 000
Nav-tilskot		46 000
Sum inntekter		<u>131 000</u>
Nettoutgifter	jan. – 23.09.2014	<u>118 000</u>

Grønt arbeid har utført diverse vedlikehaldsoppgåver for teknisk drift og gitt hjelp til ulike avdelingar med diverse førefallande arbeidsoppgåver.

Prosjektleiaren har spesielt arbeidd med å selja tenester frå Grønt arbeid. Sidan mai 2014 har «Grønt arbeid» teikna kontrakt med Sætre marka burettslag og Mastrevik Torg om vaktmeisteroppgåver. Det vert gitt gode tilbakemeldingar frå begge desse på det arbeidet som er utført. Grønt arbeid har såleis ein støre inntektspost i sitt rekneskap. I tillegg har Nav gitt tilskot til leiarstillinga.

Det er ikkje sendt faktura for det arbeidet som dei har utført for dei andre kommunale avdelingane. Det er truleg eit større potensiale for å selja tenester frå tiltaket på den private merknaden.

Konklusjon

Tiltaket Grønt arbeid har ei målsetjing om å tilby unge og flyktningar arbeidstrening for vidare arbeidsliv eller skulegang. Så langt ser rådmannen at denne målsetjinga er godt oppfylt. Tiltaket bør gå over frå prosjektfase til fast tiltak frå og med budsjettåret 2015. I første omgang bør formannskapet stilla midlar til rådvelde fram til 31.01.2015. Det er alt løyvd 90 000 til prosjektet. Ved å løyva 40 000 til, bør tiltaket vera finansiert til og med 31.01.2015, medan ein arbeider med budsjettet for 2015.

Evaluering av første år med Grønt Arbeid.

Grønt arbeid har i løpet av året som har gått utført en rekke oppgaver, den største er selvfølgelig oppjustering av kjelleren til kulturskolen, kjelleren har fått 8 nye vinduer og ny ytterdør i tillegg til mye innvendig arbeid som har vært krevende, resultatet er blitt veldig bra og kjelleren er nå tatt i bruk.

Arbeidet fortsetter nå i andre etasje der man tar rom for rom så langt budsjettet rekker.

Vi har også stilt opp i forbindelse med flytting av tavler (Smartboard/Whiteboard) og utstyr fra Austrheim hallen til gamle barnehagen og montert utstyret opp der, hvor språkopplæringen nå foregår.

Har også bidratt litt i flytteprosessen fra gammel til ny barnehage når vi er blitt forespurt.

Fra mai har vi også inngått kontrakt på vaktmestertjenester ved Mastrevik Torg AS og Sætre marka borettslag.

Er i dialog om å øke timetallet og dermed øke inntektene på Mastrevik Torg AS når kontrakt eventuelt skal fornyes, tilbakemeldingen har vært gode og alle er fornøyd.

Har også fått gode tilbakemeldinger fra beboerne på Sætre marka.

Naturstien fra Årvikane til Vardetangen har fått mange nye og utbedra gangbruer og det jobbes nå bak Årås skole med stien inn til Gapahukane som må utbedres med tanke på rullestolbruker.

Det har pr. dags dato vært 8 personer innom Grønt arbeid hvorav to flyktninger fra Somalia. Tilbakemeldingene fra brukerne er at de har likt tiltaket, og eg har merket god stigning hos de som har vært innom, flere går nå på skole.

Utfordringen ligger i at de har ulikt færdighetsnivå, noe som gjør det utfordrende å finne passende arbeidsoppgaver til hver enkelt, spesielt i vinterhalvåret når det i mindre grad er gartnerarbeid og den slags, og litt mer krevende arbeid inne som krever større nøyaktighet.

Forslag/Muligheter.

Etter å har kjørt rundt i kommunen i snart et års tid ser jeg at det er mange uløste oppgaver, dette er ting som sikkert blir utsatt pga. budsjetter og prioriteringer osv. tenker spesielt på kommunale boliger og bygg som trenger mye vedlikehold.

Gjennom vaktmestertjenester i regi av Grønt arbeid kommer det en del inntekter inn i kommune kassen, dette kan fort komme opp i Kr200.000 pr.år hvis vi får øket timetallet på Mastrevik Torg AS og beholder Sætre marka Borettslag.

Går ut ifra dette er ekstraordinære midler som i utgangspunktet ikke er en del av kommunens budsjett.

Grønt arbeid kunne gjennom deler av disse inntektene gjort veldig mye viktig arbeid uten bruk av andre budsjettposter.

«Driften» av Grønt arbeid kunne med andre ord blitt nærmest selvfinansierende og samtidig fått gjort utrolig mange og nyttige oppgaver innen vedlikehold.

Dette ville også gjort det enklere å finne meningsfulle arbeidsoppgaver for de som kommer inn på Grønt arbeid så lenge det finnes penger til utstyr og materialer.

Grønt arbeid bør ha status på lik linje med andre tjenester i kommunen og midler til å drifte deretter, det er viktig at brukerne som kommer fra NAV føler de blir tatt på alvor og får tildelt meningsfulle arbeidsoppgaver.

Grønt arbeid er litt sårbart ved sykdom og liknende, så det hadde vært ønskelig å få inn en **fast** person, gjerne en voksen person som ønsker tjene noen kroner ved siden av trygd/pensjon eller annet som kan avlaste og bistå ved behov.

Avtalen med Mastrevik Torg AS krever tilsyn/renhold 6 dager pr.uke, det hadde også gjort det enklere under avvikling av ferie etc.

Dato: 22.09.2014

Ivar Lande/Grønt arbeid

Utgifter	
Lønn og kjøring	249 000
Inntekter	
Sal av tenester	85 000
Refusjon Nav	46 000
Sum inntekter	131 000
Netto utgift	118 000

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
217/14	Formannskapet	PS	08.10.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Thomas Lindås	FE - 614	14/546

Sak 14/546 Rombehov ved kommunehuset - vidareføring av arbeidet

Framlegg til vedtak:

Formannskapet i Austrheim fattar følgjande vedtak:

- Arbeidsgruppe for rombehov får mandat til å utvide arbeidsgruppa med representantar for tenestene som ikkje er representert.
- Arbeidsgruppe for rombehov får mandat til å utarbeide ein detaljert kravspesifikasjon til nytt helsebygg og ta kontakt med aktuelle utbyggjarar for å få tilbod om bygging av bygget anten på privat eller kommunal grunn. Arbeidsgruppa vil bringe saka tilbake til formannskapet når det føreligg eventuelle tilbod.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Det vart den 03.06.2014 fatta vedtak i Formannskapet i Austrheim om at det skulle setjast ned ei arbeidsgruppe for vidare arbeid med sak om lokalitetsproblematikken på kommunehuset.

Desse er med i arbeidsgruppa:

Thomas Lindås Hilde Tråer Hardang Anne Jorunn Lunde	Leiar av arbeidsgruppa, Austrheim kommune Sekretær, Austrheim kommune Familiekontoret, Austrheim kommune
---	--

Inger Aasen
Rigmor Ludvigsen
Peter Kubon
Jarle Førland

Tillitsvalt, Austrheim kommune
Verneombod, Austrheim kommune
Leiar helse, Austrheim kommune
Ass. seksjonsleiar / akuttmed. avdeling

Mandatet til arbeidsgruppa er følgjande:

Arbeidsgruppa skal innan 2014 koma med ei klar tilråding til rådmannen korleis Austrheim kommune på ein framtidsretta og økonomisk god måte skal løysa lokalitetsproblema på kommunehuset og på ambulansestasjonen.

Arbeidsgruppa har hatt 2 møte, henholdsvis 26.08.2014 og 09.09.2014. Vidare har leiar i gruppa vart rundt til alle avdelingar på kommunehuset samt Rådmannen og informert munnleg om arbeidet samt avklart behov for dei som ikkje var med i gruppa. Arbeidsgruppa sitt arbeid resulterte i ei tilråding til rådmannen som vart lagt fram av gruppa for rådmann og ordførar den 16.09.2014.

Tilrådinga til rådmannen den 16.09.2014 var som følgjer:

Arbeidsgruppa si tilråding

1. Det vert innan kort tid avklart om ein kan få på plass tenelege lokale for ambulansetenesta innanfor arealet til Sætre marka burettslag.
2. Det vert sett av midlar i kommande budsjett til planlegging av eit nytt bygg med plass til lege, fysioterapi, ambulansestasjon og eventuelt tannlege sør for kommunehuset på KB1.
3. Når legekantoret flyttar ut av kommunehuset vert biblioteket flytta til 1. etasje og familiekantoret samlokalisert i 2. etasje. I 2. etasje vert det og utvida areal for NAV.

Grunngjeving for tilrådinga

Arbeidsgruppa starta arbeidet sitt med å kartleggje behovet for dei ulike einingane på huset samt ambulansestasjonen.

For familiekantoret var det behov for minimum 2 kontor plassar, testrom for PPT samt egne møterom. Dei ønska og ei samlokalisering av tenestene sine på eit plan for å betre samarbeidet. Det vert peika på at lokala slik dei er i dag ikkje overheldt teieplikta.

NAV sitt behov er og kartlagt og dei har behov for minimum 2 kontorplassar samt egna møterom samt samtalerom. Det vert peika på at lokala slik dei er ikkje overheldt regelverket.

Det vart frå legekantoret peika på at arealet allereie er for lite og at dei har behov for ytterligare areal. Det vert peika på at legekantoret har hatt nær 70 % auka aktivitet dei 10 siste åra og at drifta slik den er no er uakseptabel. Dette knyt seg til at arealet er for lite, men og at arealet bygningsmessig ikkje er egna. Behovet vert anslått til ca 500 m² for å få til ei framtidsretta løysing.

Når det gjeld ambulansestasjonen er dei klar på at lokala dei har per i dag ikkje tilfredsstillir deira ønske. Ambulansestasjonen sin leigeavtale går snart ut og dei tek ikkje sikte på å forlenge avtalen om ikkje dei får meir tenelege lokale. Dette gjeld både fysisk plassering av bygget samt arealet som er tilgjengeleg. Dei anslår behovet til om lag 200 m².

Etter at behovet var gjort greie for, gjekk arbeidsgruppa over til å diskutere løysingar. Det vart først sett på kva ein kan få til om ein byggjer på kommunehuset. Bygget kan ikkje byggjast på i høgda, men det er mogleg å bygge på over kantina samt eit tilbygg mot sør, men dette vil vanskeleg løyse dei utfordringane ein har. Problemet med eit eventuelt tilbygg er i hovudsak at ein må ha tilgang for større bilar på sørsida av bygget for avfallshandtering samt tilgang for tankbil. Eit tilbygg vil og vanskeleg kunne knytast saman med legekantoret. Vidare vart det og diskutert om ein kunne flytte biblioteket ut av huset for å nytte dette arealet til legekantor. Dette alternativet har tekniske utfordringar då det krev interkommunikasjon i legekantoret med heis som vil beslaglegge delar av arealet samt likevel ikkje vil løyse utfordringane godt.

Etter at ein grundig hadde vurdert kva løysingar som var mogleg innanfor kommunehuset viste det seg at for å få til ei god løysing for framtida så måtte det vurderast eit eksternt bygg for å flytte legekantoret ut av kommunehuset. Dersom legekantoret vert flytta ut av bygget kan ein løysa utfordringane for NAV og familiekantoret på ein god måte. Ulike løysingar vart diskutert men den løysinga som arbeidsgruppa meinte var den beste var å flytte biblioteket ned i lokala til legekantoret. Her kan alle innvendige veggjar rivast og biblioteket vil då få eit lokale med eigen inngang som gjer det mogleg å låse av resten av bygget når biblioteket er ope på kveldstid. Flytting av biblioteket vil gjere at familiekantoret kan samlokalisrast i 2. etasje og vil få det arealet dei treng, samt at NAV kan få utvida lokala sine.

Når det gjeld flytting av legekantoret ut av huset meiner arbeidsgruppa at det bør byggast eit nytt bygg som kan romme fleire tenester. Ei samlokalisering av legekantor, ambulanseteneste og fysioterapi vil etter arbeidsgruppa si mening gje ei god og framtidsretta løysing. Arealbehovet er anslått til om lag 1000 m². Vidare er det og nemnt at eit slik bygg kan romme til dømes tannlegetjeneste. Grunngevinga for samlokalisering er at ein då får eit godt samarbeid mellom einingane, og då særleg ambulansetasjon og legekantor.

Når det gjeld eventuell plassering av eit slik bygg så meiner arbeidsgruppa at dette bør plasserast i kommunesenteret. Dette for å få til eit tett samarbeid og opp mot kommunehuset og då særleg jordmor og helsesøster. Arbeidsgruppa meiner konkret at arealet rett sør for kommunehuset, ved sidan av tusenårsstaden, er ei god plassering. Arealet er angitt som KB1 i reguleringsplan for Austrheim kommunesenter.

Arbeidet med eit slikt bygg bør komme i gang raskt og ein bør få inn midlar til planlegging og prosjektering allereie i neste års budsjett. Vidare må det vurderast nærare innanfor kva tidsramme ein kan få på plass eit slikt bygg. Det er uttalt klart frå ambulansestasjonen at dei ikkje kan vente meir enn om lag ut 2016 før dei er inne i eit nytt bygg. Om ein ikkje ser det som mogleg å få plass eit nytt bygg innan 2016 må ein difor vurdere ei anna løysing for ambulansestasjonen. Arbeidsgruppa har her peika på at det er ledig areal innanfor Sætre marka burettslag sitt areal sør for kommunehuset. Her kan det etablerast ein bustad med garasje som kan tene ambulansetenesta sitt behov. Denne vil dersom avtalen med ambulansestasjonen vert sagt opp, eller ambulansestasjonen vert flytta saman med legekantoret kunne nyttast til reint bustadformål.

Arbeidsgruppa meiner at sjølv om arbeidet med felles bygg for legekantor og ambulansetjeneste med meir vert sett i gang raskt så vil ein mest truleg ikkje ha eit bygg som er klart raskt nok til at ein unngår at ambulansetenesta flytter vekk frå Austrheim. Arbeidsgruppa meiner difor at ein innan kort tid bør starte arbeidet med å finne alternative lokale til ambulansetenesta, då gjerne innanfor arealet til Sætre marka burettslag. Ambulansetenesta har og uttalt seg positivt til denne plasseringa då den er nær opp til eksisterande legekantor.

I møte den 16.09.2014 vart det frå ordføraren foreslått ei løysing der ein ikkje går via ei mellombels plassering av ambulansestasjonen slik arbeidsgruppa hadde foreslått, men jobbar raskt med å detaljert kartlegge rom behovet i eit nytt helsehus med tanke på å få på plass legekantor, fysioterapi, ambulansestasjon og tannlege. Arbeidsgruppa vart vidare beden om å komme med ei innstilling til formannskapet for vidareføring av prosjektet der arbeidsgruppa får mandat til å sette i gang arbeidet med å undersøke muligheita for å realisere eit helsehus fortrinnsvis innan 2 år. Dette vil og løyse ambulansestasjonen sitt behov. Arbeidsgruppa vart beden om å sjå på ei løysing der kommunen leiger det nødvendige arealet med opsjon på kjøp.

Når det gjeld arealbehovet har arbeidsgruppa jobba med å få ei meir detaljert oversikt frå dei som kan vere aktuelle å ta med vidare i arbeidet. I hovudsak er behovet som følgjer:

Ambulansestasjon

Jarle Førland i Helse Bergen har skissert arealbehovet til 200 m². Deira del av bygget må ha ei rekke funksjonar, i bustad delen bør det vere rom for: terrasse/uteareal, 3 soverom med eige bad, opphaldsrom med avskilt kjøkken, rom for fysisk trening som og kan dekke areal for fagleg trening, vaskerom og depot. Garasjedelen må ha plass til å drive drift og vedlikehald av ambulanse med tilhøyrande utstyr.

Legekontor

Kommuneoverlege Peter Kubon har saman med resten av legekantoret laga ei oversikt over kva rom dei treng for å drifte legekantoret på ein god måte. Arealbehovet er totalt ca 500 m² og er fordelt på mellom anna kontor, ekspedisjon, laboratorie, behandlingsrom, venterom samt naudsynte funksjonar som garderobe, toalett og lunch/møterom. Det vert presisert at det er ønskeleg med overbygga inngang for ambulanse samt overbygga inngang frå taxi der ekspedisjonen har blikkontakt med taxi/pasient. Det må på plass tilfredstillande lydisolering og gangane må ha plass til rullestol/båre. Vidare vert det presisert at det må på plass sluser i ekspedisjonen for å ivareta taushetsplikta og at det må tilretteleggjast for gode dagslysforhold.

Kommunal fysioterapi

Fysioterapitenesta stiller seg positiv til ei eventuell samlokalisering og skisserer behovet dei har per i dag til ca 80 m² pluss toalett/garderobe/skifterom med meir. Totalt vil det fort bli behov for ca 150 m² - 200 m² for denne tenesta.

Privat fysioterapi

Arbeidsgruppa har vert i kontakt med Roger Villanger som driv privat fysioterapiteneste. Han ønskjer å vere med på arbeidet vidare og presiserer at han har våre i dialog med administrasjonen allereie for å få på plass eit bygg som kan romme hans behov. Han anslår at han treng ca 300 m².

Tannklinikk

Arbeidsgruppa har og sett på om bygget kan romme ein eventuell tannklinikk. Tannlegen som har vert lokalisert i uthaugbygget har nytta ca 105 m².

Totalt vert då arealbehovet i et nytt bygg slik det per no ser ut ca 1300 m². Dette fordelt slik:

Ambulansestasjon	200 m ²
Legekantor	500 m ²
Kommunal fysioterapi	200 m ²
Privat fysioterapi	300 m ²
Tannklinikk	105 m ²

Det vil likevel kunne vere ein del samdriftsfordelar både til venterom, toalett, garderobe, med meir. Størrelsen på bygget og kva funksjonar som vert med vidare i arbeidet må avklarast i kravspesifikasjonen og under prosjekteringa.

Vurdering

Som det går fram over er det behov for eit nytt bygg for å løyse ulike funksjonar. Som eit minimum må det på plass ei løysing for ambulansestasjon og legekontor om legekontoret skal kunne driftast på ein forsvarleg måte og at ambulansestasjonen fortsatt skal vere lokalisert i kommunesenteret. Arbeidsgruppa er einig med at det beste er å unngå ei mellombels plassering av ambulansestasjonen og heller prøve å få på plass eit endeleg bygg raskt. Arbeidsgruppa avventer difor vidare arbeid med ei mellombels plassering av ambulansestasjonen medan det vert avklart om ein kan få på plass eit endeleg bygg raskt nok til at ambulansetenesta ikkje flyttar vekk frå kommunesenteret.

Vidare meiner arbeidsgruppa det er viktig å og vurdere om eit slikt bygg kan romme fleire funksjonar som naturleg vil passe inn i eit slikt bygg. Dette vil og kunne gje samdriftsfordelar. Det er frå ordføraren sett eit ønskje om at arbeidet vert sett i gang raskt. Det vart vidare sagt at det må vurderast ei løysing der det er ein privat part som byggjer ut bygget der kommunen står som leigetakar med opsjon på kjøp. Arbeidsgruppa meiner at dette er ei god løysing der ein legg til rette for rask framdrift i prosjektet samt at ein med opsjon på kjøp har ei løysing som sikrar at kommunen kan verte eigar av bygget på eit seinare tidspunkt.

Når det gjeld sjølve bygget meiner arbeidsgruppa at dette uansett bør prosjekterast slik at det kan utvidast ved eit seinare høve dersom arealbehovet i framtida endrar seg.

Konklusjon

Med grunnlag i det overståande ber arbeidsgruppa om mandat til å utvide arbeidsgruppa med representantar for tenestene som ikkje er representert. Vidare ber arbeidsgruppa om å få mandat til å utarbeide ein detaljert kravspesifikasjon til bygget og ta kontakt med aktuelle utbyggarar for å få tilbod om bygging av bygget anten på privat eller kommunal grunn. Arbeidsgruppa vil bringe saka tilbake til formannskapet når det føreligg eventuelle tilbod.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
218/14	Formannskapet	PS	08.10.2014
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FA - G00, HistSak - 13/1002	14/719

Selskapsavtale Region Nordhordland Helsehus IKS

Vedlegg:

Selskapsavtale Helsehus - til kommunane - revidert 08.09.2014

Framlegg til vedtak:

1. Austrheim kommune sluttar seg til etablering av *Region Nordhordland Helsehus IKS* og selskapsavtalen slik den er framlagt i saka.
2. Austrheim kommune gir ordførar fullmakt til å vera kommunen sin representant på stiftingsmøtet til selskapet.

Saksopplysninger:

Bakgrunn:

Kommunane i Region Nordhordland gjorde hausten 2013 vedtak om å byggja eit Region – og helsehus på om lag 8000 m², oppført og drifta av eit interkommunalt selskap(IKS). Heretter kalla ***Region Nordhordland Helsehus IKS(RNH)***

Bakgrunn for vedtaket var bl.a.

- Kommunestyrevedtak i alle Nordhordlandskommunane som støtter opp om interkommunalt samarbeid for å vurdere samlokalisering av helsetenester i Nordhordland, januar/februar 2010.
- Kommunestyrevedtak i alle Nordhordlandskommunane med tilslutning om å vidareføre utgreiingsprosjekt og lokalisering av bygg m.v. mai/juni 2012.
- «Forprosjekt Helsehus i Nordhordland», rapport med vedlegg og orientering til alle kommunestyra, hausten 2012.
- Vedtak i Lindås kommunestyre om nærare utgreiing retta mot innhald, tomt, eigarskap, økonomi, og organisering, februar 2013.

- Rapport Helsehus i Nordhordland med tilråding om innhald, tomt, eigarskap, økonomi, og organisering, NUI september 2013.

Sidan Region Nordhordland Helsehus IKS vil ha ein relativ stor økonomi, og at målet med selskapet vil vere annleis enn for Nordhordland utviklingsselskap IKS(NUI) vil det vere mest tenleg å ha dette i to åtskilte selskap.

Med bakgrunn i dette vert det etablert eit eige IKS med heimel i [Lov om interkommunale selskap av 29.januar 1999](#), eigd av dei ni samarbeidskommunane i Region Nordhordland.

Regionrådet har i møte 11.april 2014 slutta seg til framlegg til *Selskapsavtale for Region Nordhordland Helsehus IKS*, med fordeling av røyster, eigardel og rammer for låneopptak, slik det er utforma i avtalen, men med justeringar som kom fram i møtet.

Regionrådet har bedt Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) legge fram selskapsavtalen for handsaming i eigarkommunane.

Avtalen vart sendt til handsaming i kommunane i 30.04.2014, men grunna tilbakemeldingar og spørsmål, særleg retta mot § 11 *Utmelding* har avtalen vore til ny gjennomgang, og endringar er gjort etter rådføringar med advokatkontor med kompetanse på området. Dette for å sikra ein best mogeleg avtale.

Regionrådet har i møte den 12.09.14 gjort fylgjande vedtak:

1. Regionrådet sluttar seg til revidert versjon av Selskapsavtale for Region Nordhordland Helsehus IKS, med endringar som er gjort etter innspel frå partane.
2. Regionrådet ber NUI legge fram selskapsavtalen for handsaming i eigarkommunane.
3. Regionrådet ber valnemnda starta arbeidet med å finna representantar til styret for det nye selskapet.
4. Regionrådet ber om at NUI førebur og gjennomfører stiftingsmøte for det nye selskapet når selskapsavtalen er godkjent i kommunane.
5. Regionrådet ber vidare om at NUI fortsett å jobbe med prosjektet inntil nytt selskap er etablert.

Formålet med selskapet:

Selskapet skal planlegge, byggje, drifte og leige ut lokale til offentleg tenesteyting, fortrinnsvis helse - og omsorgstenester for kommunane i Region Nordhordland.

Når selskap er etablert vil det bli inngått intensjonsavtalar med aktuelle leigetakarar. Ein slik avtale er viktig for mellom anna å stadfeste kontakten mellom partane, synleggjera arealbehov og særlege krav til tekniske løysingar, samt intensjon om leigeperiode. Før byggeprosjektet vert sendt ut på anbod skal der vere underskreve forpliktande leigeavtalar.

Finansiering:

Finansiering av bygget vil skje gjennom lån samt eit tilskott frå Husbanken. Det er ikkje lagt opp til nokon innbetaling av eigenkapital. Det er etablert dialog med Kommunalbanken som p.t er den som ser ut til å kunne gi best lånevilkår for kommunar og IKS. Kommunalbanken sine signal er positive til å kunne gi tilbod om lån til eit slikt selskap.

Husbanken har tilskottsordning som kan vere med å finansiere døgnplassar. Tilskottet kan maksimalt vere 1,6 mill kr pr plass/rom. Avhengig av kor mange plassar som vert godkjent reknar ein med at tilskottet vil kunne utgjere om lag 15 – 20 mill kr.

Selskapet vil søke om frivillig registrering i Merverdiavgiftsregisteret etter Merverdiavgiftsloven § 2-3. Selskapet vil da oppnå frådragsrett for inngåande meirverdiavgift (MVA) for både oppføringskostnader og driftskostnader på det arealet som vert leigd ut til kommunar eller IKS, fordi

dei er omfatta av ordninga med momskompensasjon. Det arealet som vert leigd ut til Helse Bergen HF gir ikkje rett til frådrag for inngåande MVA. Dette er bekrefta i brev frå Skatteetaten – Skatt vest.

Tilskott og refusjon av MVA vil komme etter at utbetalingane har skjedd. Det gjer at selskapet må ha likviditet til å tåle den tidsforskyvinga som er mellom utbetalingar og innbetalingar. I selskapsavtalen vert det fastsatt ramme for selskapet sitt samla låneopptak (7-4). Denne ramma må difor vere høgare enn kva ein forventar i netto kostnad for det totale prosjektet. Endeleg opptak av lån vert godkjent av representantskapet (4-7). Dette er bakgrunn for at ein foreslår at selskapet si låneramme skal vere 300 mill kr.

I eit IKS så heftar eigarane for selskapet sine forpliktingar for den eigarandelen som dei har i selskapet.

Drift av selskapet:

Representantskapet er øvste organ i selskapet og vel styre. Representantskapet og styret si samansetting, rolle og ansvar går fram av selskapsavtalen og Lov om interkommunale selskap.

Selskapet skal ha ein dagleg leiar som er tilsett av styret. Dagleg leiar har ansvaret for dagleg leiding og drift av selskapet og rapporterer til styret.

For å nytte ressursane best mogleg, og for å få realisert og drifte det nye selskapet(RNH) vil det vere naturleg at Region Nordhordland Helsehus IKS(RNH) kjøper administrative tenester frå Nordhordland Utviklingsselskap IKS(NUI).

Viktige element i avtalen:

Selskapet skal ha ansvar for å planlegge, byggje, drifte og leige ut lokale til offentleg tenesteyting. Selskapet sitt øvste organ er representantskapet. Fordeling av røyster i representantskapet er basert på eigardelen i selskapet, slik det er vist til §4 i avtalen.

Kommunane betalar ikkje inn noko innskotskapital i selskapet.

Kommunane sin eigar-/ansvarsdel i selskapet er fordelt etter følgjande prinsipp:

- 20 % fordelt likt på alle kommunane
- 80 % fordelt ut i frå folketalet som er 01.01.14

Høgaste ramme for selskapet si samla låneopptak er 300 millionar kroner. Representantskapet skal godkjenne låneopptak etter framlegg frå styret.

Vedlagt i saka:

Selskapsavtale for Region Nordhordland Helsehus IKS

SELSKAPSAVTALE
for
Region Nordhordland Helsehus IKS

§ 1 NAMN

Selskapet sitt namn er Region Nordhordland Helsehus IKS (RNHI).

§ 2 SELSKAPSFORM OG EIGARAR

Selskapet er eit interkommunalt selskap (IKS), etablert med heimel i Lov om interkommunale selskap av 29. januar 1999.

Selskapet er eigd av kommunane:

- Austrheim - org.nr. 948350823
- Fedje - org.nr. 944041036
- Gulen - org.nr. 938497524
- Lindås - org.nr. 935084733
- Masfjorden - org.nr. 945627913
- Meland - org.nr. 951549770
- Modalen - org.nr. 964969302
- Osterøy - org.nr. 864338712
- Radøy - org.nr. 954748634

§ 3 FØREMÅL

- 3-1 Selskapet skal planlegge og byggje eit Region- og helsehus til offentlig tenesteyting, fortrinnsvis helse - og omsorgstenester for kommunane i Region Nordhordland.
- 3-2 Selskapet skal drifte og leige ut lokale til offentlig tenesteyting, fortrinnsvis helse - og omsorgstenester for kommunane i Region Nordhordland. Leigeinntektene skal dekke kapitalkostnadane, drift- og vedlikehaldskostnadane samt felleskostnadar til selskapet.
- 3-3 Selskapet kan inngå samarbeidsavtalar og forpliktande leigeavtalar med kommunar, fylkeskommunar, helseføretak og andre verksemder.
- 3-4 Selskapet kan gå inn som eigar i andre verksemder, innanfor rammene til kommunelova og andre lover og føresegner knytt til kommunar si deltaking i verksemder /forretningsdrift.
- 3-5 Selskapet skal ha kontoradresse i Lindås kommune.

§ 4 REPRESENTANTSKAP

- 4-1 Selskapet sitt øvste organ er representantskapet som skal ha eitt medlem frå kvar kommune.
- 4-2 Ordføraren i dei deltakande kommunar er kommunen sin representant med varaordførar som vararepresentant.
- 4-3 Styret og dagleg leiar har plikt til å møte i representantskapet, med tale og forslagsrett. Administrasjonssjefane i eigarkommunane har rett til å møte, med tale og forslagsrett.

- 4-4 Røystetalet i representantskapet er lik eigarandelen i selskapet, jfr § 7-2.
- 4-5 Representantskapet kan ta avgjerder når minst halvdel av medlemmene er til stades og desse representerer minst to tredelar av røystene.
- 4-6 Representantskapet skal gjere vedtak i samsvar med Lov om interkommunale selskap og selskapsavtalen, eller i dei saker som styret legg fram.
- 4-7 Representantskapet kjem saman minst to gonger i året. Årsmøtet skal haldast seinast innan utgangen av juni månad.

Representantskapet skal handsame desse sakene:

- Årsmelding
- Årsrekneskap
- Årsbudsjett og økonomiplan
- Framlegg frå styret om opptak av lån
- Fullmakter til styret
- Val av medlemmer og varamedlem til styret
- Val av leiar og nestleiar i representantskapet – vert valt for 4 år – føl kommunestyreperioden
- Val av revisor og fastsetjing av godtgjersle for revisjon
- Fastsetjing av godtgjersle for representantskap og styre

Vedtak i representantskapet skal godkjennast av kommunane dersom dette vert kravd etter Lov om interkommunale selskap eller andre lover. Økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap, årsmelding og utskrift frå møteboka skal sendast medlemskommunane som melding.

§5 STYRET

- 5-1 Styret består av tre medlem og to varamedlem.
- 5-2 Styret vert vald av representantskapet for to år om gongen. Representantskapet vel leiar og nestleiar.
- 5-3 Dagleg leiar kan ikkje veljast til styret.
- 5-4 Kwart styremedlem har ei røyst. Styret kan ta avgjerder når minst to av medlemmene er til stades.
- 5-5 Styret forvaltar selskapet og skal sjå til at verksemda vert drive i samsvar med føremålet, selskapsavtalen, årsbudsjettet, andre retningsliner og vedtak gjort av representantskapet. Styret skal sørge for at bokføring og forvaltning av selskapet sin formue vert underlagd forsvarleg kontroll. Styret skal føre tilsyn med dagleg leiar si leiing av verksemda.

§6 DAGLEG LEIAR

- 6-1 Selskapet skal ha ein dagleg leiar som er tilsett av styret.
- 6-2 Dagleg leiar rapporterer til styret.
- 6-3 Dagleg leiar sine arbeidsoppgåver:
- Er ansvarleg for den daglege leiinga av selskapet si drift og har ansvaret for å følgje opp dei pålegg og retningslinjer som vert gitt av styret.
 - Tilviser selskapet sine utgifter.
 - Er sekretær for styret og representantskapet og er ansvarleg for at dei sakene som vert lagt fram til handsaming er forsvarleg utgreidd.
- 6-4 Saker av uvanleg art eller av stor betydning for selskapet inngår ikkje i den daglege leiinga, jfr. § 14, 3. ledd i Lov om interkommunale selskap.
- 6-5 Utbetalningar til dagleg leiar personleg eller i saker kor det kan ligge føre inhabilitet tilvisast av styret sin leiar.

§ 7 KAPITAL

7-1 Eigarane betalar ikkje inn noko innskotskapital i selskapet.

7-2 Eigar/ansvarsdelen er delt etter følgjande prinsipp:

- 20 % fordelt likt på alle kommunane
- 80 % fordelt ut i frå folketalet som er 01.01.14

Desse prinsippa gir følgjande eigardel/ansvarsdel i selskapet:

Kommune	Fast del fordelt på alle kommunane	Fordelt ut i frå folketal	Totalt
1252 Modalen	2,2 %	0,7 %	2,9 %
1253 Osterøy	2,2 %	14,4 %	16,6 %
1256 Meland	2,2 %	14,0 %	16,2 %
1260 Radøy	2,2 %	9,3 %	11,6 %
1263 Lindås	2,2 %	27,9 %	30,1 %
1264 Austrheim	2,2 %	5,2 %	7,5 %
1265 Fedje	2,2 %	1,0 %	3,3 %
1266 Masfjorden	2,2 %	3,1 %	5,4 %
1411 Gulen	2,2 %	4,3 %	6,5 %
Totalsum	20 %	80 %	100 %

7-3 Eigar/ansvarsdelen kan endrast ved at deltakarar trer inn eller ut av selskapet.

7-4 Høgaste ramme for selskapet sitt samla låneopptak er 300 millionar kroner.

§ 8 REKNESKAPSPRINSIPP

8-1 Selskapet har rekneskapsplikt etter kommunale rekneskapsprinsipp.

§ 9 ADMINISTRATIVT ARKIV OG OFFENTLEGHEIT

9-1 Selskapet er eit eige rettssubjekt, med eiga arkivteneste og arkiv.

Føresegnene i forskrift om offentlege arkiv gjeld for selskapet sitt administrative arkiv.

Selskapet sine saksdokument er offentleg tilgjengelege etter føresegnene i Offentlegheitslova.

§ 10 DOTTERSELSKAP

10-1 Representantskapet kan med 2/3 fleirtal etablere dotterselskap under Region Nordhordland Helsehus IKS. Dotterselskap er i denne samanheng selskap kor Region Nordhordland Helsehus IKS har minst 50% av eigarskapet. Eit dotterselskap kan vere alle selskapsformer som stettar krav som eige rettssubjekt.

§ 11 UTMELDING

11-1 Dersom ein enkelt kommune vel å tre ut av selskapet, må vedtak om dette fattast av kommunestyret sjølv og leggst fram skrifteleg for selskapet før komande års budsjett er vedteke av representantskapet. Det inneber at uttreden tidlegast vil kunne skje 31.12 året etter utmeldingsåret.

11-2 Deltakar som trer ut av selskapet har ikkje krav på å få utbetalt nokon del av den moglege eigenkapitalen som er i selskapet ved utmeldinga.

- 11-3 Deltakar som trer ut av selskapet er ansvarleg for sin del av selskapets gjeld på tidspunktet for uttreden inntil kreditor frittek deltakaren for gjeldsansvaret.
- 11-4 Viser elles til Lov om interkommunale selskap § 30.

§ 12 OPPLØYSING

- 12-1 Framlegg til oppløysing skal vedtakast med minst 3/5 av røystene i representantskapet. Elles gjeld reglane for oppløysing og avvikling i Lov om interkommunale selskap. Ved oppløysing fordeler eigarkommunane selskapet sine eigendeler og forpliktingar i samsvar med eigarandelen.

§ 13 ENDRINGAR I SELSKAPSAVTALEN

- 13-1 Endringar i selskapsavtalen må godkjennast av alle medlemskommunane.
- 13-2 Ved opptak av nye medlemmer skal medlemskommunane også fastsetje ny eigardel og representasjon i medhald av §§ 4 og 7.

§14 TVIST

- 14-1 Tvist om tolking vert avgjort med bindande verknad ved valgift etter reglane i tvistelova.

§ 15 ANNA

- 15-1 For tilhøve som ikkje er omtala i denne selskapsavtala gjeld Lov om interkommunale selskap.

Dato: xx.xx. 2014

Per Lerøy
Ordfører i Austrheim

Kristin Handeland
Ordfører i Fedje

Hallvard Oppedal
Ordfører i Gulen

Astrid Aarhus Byrknes
Ordfører i Lindås

Karstein Totland
Ordfører i Masfjorden

Nils Marton Aadland
Ordfører i Meland

Knut Moe
Ordfører i Modalen

Kari Aakre
Ordfører i Osterøy

Jon Askeland
Ordfører i Radøy

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
219/14	Formannskapet	PS	08.10.2014
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Birger Andersen	FE - 150	14/945

Tertialrapport 2, 2014

Vedlegg:

Tertialrapport-2-31-8-2014-end2

Framlegg til vedtak:

Tertialrapport nr. 2 2014 vert tatt til vitande.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vedlagt er tertialrapport nr. 2 2014

Vurdering

Eg finn det rimeleg at tertialrapport 2 2014 vert teke til vitande.

Konklusjon

Eg rår til fylgjande:

Tertialrapport nr. 2 2014 vert tatt til vitande.

AUSTRHEIM KOMMUNE

TERTIALRAPPORT NR.2 2014

Saken gjelder

Ifølge økonomireglementet skal det legges fram en rapport som viser fram den økonomiske situasjonen, avvik som har oppstått i driftsåret, tiltak som må gjennomføres for å oppnå balanse mellom budsjett og regnskap, samt konsekvenser av slike tiltak.

1. Saksopplysninger

TERTIALRAPPORT NR.2, ÅR 2014

PR. 31.8.2014					
Inntekter (I hele tusen kr.)	REGNSKAP PR.31.8	BUDSJETT PR. 31.8	AVVIK	ÅRSBUDSJ RB	ÅRSBUDSJ OB
Rammetilskudd	51 513	48 700	2 813	69 058	67 858
Skatteinntekter	53 807	56 165	-2 358	90 619	92 619
Eiendomsskatt	6 304	6 200	104	12 300	12 200
Andre Inntekter	36 528	40 296	-3 768	76 611	76 445
Sum Inntekter	148 152	151 361	-3 209	248 588	249 122

Utgifter	REGNSKAP PR.31.8	BUDSJETT PR. 31.8	AVVIK	ÅRSBUDSJ RB	ÅRSBUDSJ OB
Personalutgifter	98 072	91 374	-6 698	170 441	171 341
Andre utgifter	58 716	60 657	1 941	78 147	77 781
Sum utgifter	156 788	152 031	-4 757	248 588	249 122

	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK		
Resultat	-8 636	-670	-7 966	-	-

Tabellen som er vist ovenfor er delt inn i 4 hovedgrupper av inntekter. Disse gruppene er: rammetilskudd, skatt på inntekt og formue, eiendomsskatt og andre inntekter.

Tilsammen utgjør disse grupper av inntekter de totale inntekter for Austrheim kommune pr.31.8.14, som er sammenlignet med budsjett på samme tidspunkt. Tabellen viser også avvik mellom budsjett og regnskap hittil i år. I tillegg er også revidert årsbudsjett og opprinnelig budsjett vist i tabellen.

Rammetilskudd

Av tabellen går det fram at rammetilskuddet er ca. 2,8 millioner kroner bedre enn budsjett. Rammetilskuddet består av rammetilskudd, samhandlingsreform, inntektsutjevning, skjønnsmidler fra fylkesmannen, ekstra skjønnsstilskudd, veksttilskudd og inntektsgaranti. Det positive avviket skyldes hovedsakelig inntekstutjevning.

Kommuner som har skatteinntekter under et visst nivå i forhold til landsgjennomsnittet mottar en bestemt andel av differansen mellom eget nivå og referansenivået gjennom inntektsutjevningen. Samtidig trekkes kommuner som har skatteinntekt over et gitt nivå i forhold til landsgjennomsnittet en viss andel av skatteinntektene som overstiger dette nivået. Austrheim kommune har skatteinntekt som ligger over landsgjennomsnittet og blir derfor trukket. Dette er også tatt høyde for i budsjettet. Når skatteinntektene går ned, blir også trekket i inntektsutjevningen redusert.

Ved 1.tertialrapport ble det foretatt budsjettjusteringer på denne posten.

Skatteinntekter

Som nevnt ovenfor, ligger skatteinntektene under budsjett. Avviket er på ca. 2,4 millioner kr. Reduserte skatteinntekter er også nevnt i skriv fra fylkesmannen som omhandler kommentarer til revidert nasjonalbudsjett 2014 og kommuneopplegget for 2015. I tillegg har Austrheim kommune budsjettert med ekstra skatteinntekter vedrørende revisjonsstans på Mongstad. Ved 1. tertial rapportering ble det også foretatt budsjettjusteringer i denne posten

Eiendomsskatt

Når det gjelder eiendomsskatt ligger denne inntekten ca. 100 tusen kroner over budsjett. Budsjettjusteringer er foretatt ved 1.tertial rapportering.

Andre inntekter

Andre inntekter viser et negativt avvik på ca.3,8 mill. kroner. Større inntektsposter i denne gruppen er brukerbetalinger, kommunale årsgebyr, statstilskudd, refusjon fra kommuner, integreringstilskudd flyktninger og utbytte.

Vesentlige negative avvik er renteinntekter bank, bruk av tidligere års overskudd, men denne posten blir ikke regnskapsført før i slutten av året, og vil således gå i null. Brukerbetalinger og generell kompetanstilskudd har også negative avvik.

Utbytte er inntektsført i sin helhet, mens den i budsjettet er periodisert. For å få et rett bilde av denne inntekten er hele utbyttet lagt inn manuelt i budsjettet. Det er budsjettert med 3,6 millioner kroner i utbytte og vi har mott 134 tusen kroner mindre enn budsjett. Denne inntektsposten ble derfor justert ved 1.tertial rapportering.

Når det gjelder refusjon sykepenger og refusjon svangerskapspenger er disse postene ikke med i summen av andre inntekter. De er derimot med i summen av personalkostnader som kommenteres seinere her i rapporten. Det kan nevnes at midlene som er kommet inn på ovennevnte refusjoner er ca. 1,3 million kroner høyere enn det som er budsjettert.

Utgifter

Når det gjelder utgifter vises også til tabell ovenfor. Utgiftene er klassifisert i personalkostnader og andre utgifter.

Personalutgifter

Personalutgiftene utgjør hovedtyngden av kostnadene i kommunen og er ifølge årsbudsjettet ca. 69 % av totale utgifter.

Som nevnt under kommentarer for inntekter, er refusjon sykepenger og svangerskapspenger inkludert i summen av personalkostnader. I årsbudsjettet er disse postene budsjettert lavere enn det som virkelig bruker å komme inn. Refusjoner av omtalte poster blir registrert fortløpende i regnskapet som en inntekt og krav mot NAV i balansen.

Ved denne rapporteringen, viser personalkostnader et negativt avvik på nesten 6,7 millioner kroner.

De største negative avvikene er fast lønn ca. 1,1 mill. kr. Diverse andre lønnsposter som som søn/kveld/helligdager, ekstra lønn barnevern, ekstrahjelp, lærlinger med flere, viser et negativt avvik på ca. 1,8 millioner kroner. Pensjonstrekk og premieavvik som også inngår i posten for personalkostnader, har et negativt avvik på ca. 4 millioner kroner.

Som en informasjon og korrektur til det store negative aviket når det gjelder personalkostnader, må nevnes det negative aviket premieavvik på 1,6 mill. kroner. Denne posten har en motpost under andre utgifter som utligner dette aviket. Det positive aviket vedrørende andre utgifter, vil da bli tilsvarende redusert.

På bakgrunn av informasjon, som vi har mottatt fra KLP, skal ca. 4 millioner kroner i premieavvik, inntektsføres i slutten av året. Dette vil redusere personalkostnadene med tilsvarende beløp.

Andre utgifter

Når det gjelder andre utgifter er det et positivt avvik på over 2 millioner kr. Vesentlige poster i denne utgiftsgruppen er tilskudd, renter, avdrag lån og tjenestekjøp. Det positive aviket skyldes hovedsakelig avsetning til premieavvik, som ved denne rapportering er på 2 million kroner, mens regnskapet viser 0. Premieavviket har sin motpost under gruppen

personalkostnader (viser til 5 avsnitt «premieavvik på 1,6 millioner kr), hvor det er kommentert at dersom motposten ble ført mot hverandre, ville det positive avviket på andre utgifter, bli tilsvarende redusert.

Finansinntekter og finansutgifter

Renter og avdrag på lån, har et positivt avvik på ca. 860 tusen kroner. Det er praksis i Austrheim kommune å ta opp lån i slutten av året. I år har vi tatt opp lån på 15,25 millioner kroner i september måned. Lånebeløpet er i tråd med budsjettvedtaket.

Når det gjelder renteinntekter bank, er det et negativt avvik på ca. 1 mill. kr.

Det negative avviket vedrørende renteinntekter kan utlignes mot det positive avviket på renter og avdrag, dersom avvikene holder seg året ut.

Totalresultat

Når utgiftene er trukket i fra inntektene, får vi et negativt resultat på ca. 8,6 mill. kr. som er 8 millioner kroner dårligere enn budsjett.

Årsaken til det store avviket er, som nevnt ovenfor, svikt i skatteinntekter, brukerbetaling og renteinntekter. Det er også store overskridelser på lønnskostnader, pensjonskostnader, barnevern og en del på IKT.

Pensjonskostnadene vil som nevnt i kommentarene under personalkostnader bli redusert ved inntektsføring av premieavvik i slutten av året. Denne inntektsføringen, vil som nevnt ligge på ca. 4 millioner kroner. I tillegg er det søkt om ekstra midler hos fylkesmannen på ca 3 millioner kroner. Dette vil justere årsresultatet med ca. 7 millioner kroner i positiv retning.

Den kommende svikten i inntekter og overskridelser på kostnader, har vært kommentert ved gjennomgang av månedsrapportene i formannskapet.

Det må gjøres tiltak, nå, for å redusere kostnadene. Hver stilling må vurderes av rådmannen, før eventuell ansettelse, ut året. Andre kostnader må også vurderes.

Skal det dårlige resultatet i inneværende år hentes inn igjen, bør det budsjetteres med et forsvarlig overskudd i budsjettet for 2015.

	VIRKELIG PR. 31.8	BUDSJETT PR.31.8	AVVIK	ÅRSBUDSJ. RB	ÅRSBUDSJ. OB
100 Rådmann	12 467	11 145	-1 322	15 269	15 119
101 Politisk styring og kontrollorgan	2 074	2 307	233	3 310	3 260
190 Interne serviceeiningar til ford.	3 322	2 519	-803	3 840	3 540
200 Administrasjon undervisning	1 277	721	-556	1 215	1 215
201 Familiekontor	6 098	4 730	-1 368	7 484	7 484
210 Årås skule	13 701	13 911	210	22 656	23 156
211 Kaland skule	8 281	7 455	-826	12 387	12 637
220 Austrheim kystbarnehage	8 020	7 449	-571	12 487	12 987
221 Kaland barnehage	5 381	4 878	-503	8 252	8 252
250 Musikk- og kulturskule	993	934	-59	1 517	1 517
251 Bibliotek	897	883	-14	1 386	1 386
255 Anna kultur	1 374	1 552	178	2 399	2 399
290 Undervisning og arbeidssenter	1 128	1 236	108	1 972	1 972
300 Administrasjon helse og sosial	307	259	-48	447	447
301 Helsetjeneste	4 572	4 224	-348	6 881	6 881
302 Sosiale tjenester	955	1 378	423	2 163	2 163
330 Nordliheimen	13 869	12 408	-1 461	21 000	21 200
331 Kjøkken Nordliheimen	2 296	1 971	-325	3 184	3 184
332 Heimtjenester I	6 281	5 543	-738	9 168	9 318
333 Heimtjenester II	9 355	8 351	-1 004	7 626	7 760
500 Plan,byggesak,miljø	1 218	1 535	317	2 628	2 828
501 Interkomm.landbruk/veterinær	222	633	411	950	950
600 Administrasjon teknisk	49	159	110	-705	-705
604 Eigedomsavdeling	6 416	5 786	-630	8 378	7 478
605 Reinholdsavdeling	3 479	3 134	-345	4 842	4 842
Sum Sted 100 -605	114 032	105 101	-8 931	160 336	161 270
800 Tilleggsløyvingar	23	617	594	925	925
801 Tilleggsløyvingar formannskap	10	200	190	250	150
802 Tilleggsløyvingar kommunest.	52	533	481	800	800
803 Tilleggsløyvingar rådmann	463	755	292	1 132	1 132
804 Tilleggsløyvingar ordførar	10	33	23	50	50
899 Andre overordna innt./utgifter	100	-1 479	-1 579	-2 219	-2 219
900 Rammetilskudd, skatt, renter	-106 048	-105 086	962	-161 274	-162 108
T O T A L T	8 636	670	-7 966	-	-
	Negativt	Negativt			

Det er 32 rammeområder. Rammerådene er vist i tabell ovenfor og viser status pr.31.8.2014 målt mot budsjett på samme tidspunkt. Videre viser også tabellen avvik mellom virkelige tall og budsjett hittil. Revidert og opprinnelig årsbudsjett er også vist.

Det gjøres oppmerksom på at tallene på hvert ansvarsområde i tabellen ovenfor, viser nettotall. Dette vil si inntekter minus kostnader.

Ansvar 100,101 og 190 Rådmannen, politisk styring og interne service områder

Ovennevnte ansvarsområder viser en overskridelse på ca. 1,9 mill. kr. Ansvar 100 rådmannen har et negativt avvik på ca. 1,3 mill. kr, ansvar 101 politisk styring har et positivt avvik på 233 tusen kr. og interne service områder ansvar 190, har et negativt avvik på 803 tusen kr. Avdeling 100 rådmannen, har sine største overskridelser på postene IKT med 932 tusen kr. og kjøp IKS tjenester 510 tusen kr. Når det gjelder IKT gjelder ca. 200 tusen kr en ekstra regning fra 2013 og ca. 400 tusen kr. skal overføres til Investeringsregnskapet. Når det gjelder lønn skal ca. 270 tusen kr. også overføres til investeringsregnskapet. Disse «føringene» vil redusere det negative aviket på ansvar 100.

Det positive aviket på politisk styring gjelder hovedsakelig posten godtgjørelse til folkevalgte.

Når det gjelder de største negative avikene på område 190 interne service områder, gjelder dette følgende poster: fastlønn 377 tusen kr, lønn lærlinger 153 tusen kroner, pensjon 128 tusen kroner og arbeidsgiveravgift 156 tusen kroner.

Ved 1.tertialrapportering, ble rammen økt med 500 tusen kr. på ovennevnte ansvarsområder.

Ansvar 200, 290 og 300 Administrasjon undervisning og helse, arbeidssenter.

På ovennevnte avdelinger er det et negativt avvik på 496 tusen kr. Det største negative aviket er på ansvar 200 med 556 tusen kroner. Hovedsakelig skyldes aviket fastlønn statlige vilkår. Avdeling 290 undervisning og arbeidssenter, har et positivt avvik på 108 tusen kr. Hovedsakelig skyldes dette følgende poster: inventar og utstyr 60 tusen kroner, materialer/vedlikehold bygninger 16 tusen kroner og andre driftsutgifter 26 tusen kroner. Avdeling 300 administrasjon helse og sosial har et negativt avvik på 48 tusen kroner.

Ansvar 201 Familiekontor

Familiekontoret viser et underskudd på nesten 1,4 millioner kr. Vesentlige negative avvik er annen lønn og trekkpliktige godtgjørelser 407 tusen kroner, konsulentonorar 623 tusen kroner og tjenestekjøp fra andre 342 tusen kroner.

Ansvar 210 Årås skole

Årskole har et positivt avvik på 210 tusen kroner. Avviket skyldes hovedsakelig lønn. Ved 1. tertial rapportering ble rammen redusert med 500 tusen kroner.

Ansvar 211 Kaland skole

Kaland skole viser et negativt avvik på 826 tusen kroner. Dette skyldes blant annet negativt avvik på refusjon fra kommuner 488 tusen kr. Her kommer det penger i slutten av året. Ellers er det negative avvik på postene brukerbetaling og refusjon fra andre.

Rammen ble redusert med 250 tusen kroner ved 1.tertial rapportering.

Ansvar 220 Austrheim kystbarnehage

Avdelingen har et negativt avvik på 571 tusen kr. Det negative avviket skyldes hovedsakelig personalkostnader. Ved 1.tertial rapportering ble rammen redusert med 500 tusen kroner.

Ansvar 221 Kaland Barnehage

Når det gjelder Kaland barnehage er det et negativt avvik på 503 tusen kr. Dette skyldes personalkostnader og refusjon fra kommuner.

Ansvar 250-255 Kulturskole, bibliotek og annen kultur.

Totalt er det et positivt avvik på 105 tusen kr. på ovennevnte ansvarsområder og således er avdelingene i god rute.

Ansvar 290 Undervisning og arbeidssenter

Avdelingen viser et overskudd på 108 tusen kroner. De største positive avvikene er andre driftsutgifter og inventar og utstyr.

Ansvar 300 Administrasjon, helse og sosial

Avdelingen viser et negativt avvik på 48 tusen kroner. Her er det relativt store avvik på en del poster, både positivt og negativt. Positive avvik er statstilskudd og bruk av bundne fond. Negative avvik er refusjon fra fylkeskommuner og tilskudd til etablering.

Ansvar 301 Helsetjeneste

Helsetjeneste viser et negativt avvik på 349 tusen kroner. Skyldes hovedsakelig personalkostnader og statstilskudd.

Ansvar 302 Sosiale tjenester

Avdelingen viser et positivt avvik på 423 tusen kroner. Det positive avviket skyldes hovedsakelig at det er en del inntekter vedrørende flyktninger som ikke er fordelt til andre ansvarsområder.

Ansvar 330-333 Nordliheimen, Kjøkken Nordliheimen, Hjemmetjenesten I og II

Det er et samlet negativt avvik på ovennevnte avdelinger med 3,5 millioner kroner. Kjøkken Nordliheimen har et negativt avvik på 325 tusen kr. Nordliheimen har et negativt avvik på nesten 1, 5 millioner kroner. Hjemmetjeneste I et negativt avvik på 738 tusen kroner og hjemmetjenester II ca. 1 millioner kroner.

Det negative avviket på kjøkkenet skyldes personalkostnader og kjøp av matvarer.

De største negative avvikene på Nordliheimen er pensjon, brukerbetaling, tjenestekjøp og søn/kveld/helligdagstillegg.

Hjemmetjenester I sine største negative avvik er på postene statstilskudd, pensjon og søn/kveld/helligdagstillegg.

Når det gjelder hjemmetjenester II, skyldes det negative avviket personalkostnader.

Ved tertialrapportering 1, ble rammen på ovennevnte ansvarsområder redusert med 484 tusen kroner.

Ansvar 500 Plan, byggesak og miljø.

Avdelingen viser et positivt avvik på 317 tusen kroner. Det positive avviket skyldes hovedsakelig salg av varer, tjenester og gebyrer. Ved 1. tertial rapportering ble rammen redusert med 200 tusen kroner.

Ansvar 521 Interkomm.landbruk/veterinær

Ved denne rapportering er det et positivt avvik på 411 tusen kr. Det er positive avvik på tjenestekjøp fra andre kommuner og overføring/tilskudd private. Det positive avviket kommer til å bli «spist opp» ved slutten av året.

Ansvar 600, 604 og 605 Bygg og anlegg

Det er et negativt avvik på disse ansvarsområdene med til sammen 865 tusen kroner. Administrasjon teknisk viser et positivt avvik på 110 tusen kr, mens eiendomsavdelingen viser et negativt avvik på 630 tusen kr. og renholdsavdelingen har et negativt avvik på 345 tusen kr.

Når det gjelder Administrasjon teknisk er det både negative og positive avvik på de ulike postene. Ved 1.tertialrapportering ble rammen redusert med 400 tusen kroner på denne avdelingen.

Det store negative avviket på eiendomsavdelingen skyldes eiendomsutgifter, service driftsavtaler, vedlikehold bygninger, inventar og utstyr. Rammen ble økt med 900 tusen kr. ved 1. tertialrapportering.

Renholdsavdelingen har et negativt avvik på 345 tusen kroner. Dette skyldes hovedsakelig pensjon, rengjøringsmateriale til forbruk, renhold/kjøkkenutstyr og rengjøring kommunale bygg.

Konklusjon daglig drift ansvarsområder 100-605.

Totalt viser daglig drift et negativt avvik på ca.8,9 millioner kroner. Flere avdelinger har store negative avvik som Pleie og omsorg, familiekontor, rådmann m.fl.

Som kommentert under totalrapporten, vil resultatet totalt, trolig, forbedre seg med ca. 7 millioner kroner. 4 millioner kr. vil redusere personalkostnadene på de ulike avdelingene.

Ansvar 800-804 Tilleggsavsetninger

Når det gjelder tilleggsavsetninger er det 5 områder. Område 800 er brukt til næringsmessige formål, mens område 801 er et område som formannskapet disponerer. Område 801 styres av kommunestyret. Område 803 er det rådmannen som disponerer. Område 804 disponeres av ordføreren.

Avsetningene blir brukt etter hvert som administrative eller politiske vedtak blir fattet i tråd med de øremerkede formål de er vedtatt for.

Det er gjort noen vedtak i formannskapet og kommunestyret vedrørende ansvarsområdene 801 og 802. Dette vil bli innarbeidet i budsjettjusteringene

Om Investeringer

Når det gjelder investeringer hittil i år er det investert for 15,6 millioner kroner. Den totale investeringsrammen er 16,15 millioner kroner. Investeringer som er foretatt hittil i år er følgende:

Ungdommens hus	2,6 mill. kr
Veiprojekt/Mastervik torg	1,3 mill. kr.
Vann og avløp til øyene	7,6 mill. kr.
Investeringstilskudd Austrheim Sokn	0,8 mill. kr.
Kystbarnehagen	0,9 mill. kr.
Klubbhus idretsparken	0,3 mill. kr.
Diverse andre investeringer	<u>2,1 mill. kr.</u>
Totale investeringer	<u>15,6 mill. kr.</u>

Vurdering

Med bakgrunn i usikkerhet rundt en del inntekter og kostnader, vil ikke budsjettjusteringene bli lagt fram til behandling før medio oktober måned.